



Bremanger
kommune

Leve, virke nyte – heile livet!

Årsmelding 2022

Kommunedirektøren

31.12.2022/31.03.2023



Innhald

Innleiing	S	3
Økonomiske rammevilkår	S	4
Folketalsutvikling	S	8
Politisk organisering	S	10
Organisering, personal, internkontroll	S	13
Årsverk og tal tilsette	S	13
Likestilling og likeverd	S	14
Internkontroll	S	15
Tilsyn og kontroll	S	17
Helse, miljø og tryggleik	S	18
«Temperaturmålaren»	S	19
Avvik og varslings	S	20
Rekruttering	S	21
Kompetanseheving	S	21
Kommunen sin økonomiske utvikling	S	22
Resultat i høve kommunen sine finansielle måltal	S	22
Driftsrekneskapen	S	27
Netto inntekt	S	29
Netto drift	S	32
Status, utvikling og utfordringar i drifta	S	34
Sentraladministrasjonen	S	34
Kyrkja	S	37
Samfunn og utvikling	S	39
Oppvekst, kultur og fritid	S	44
Helse og omsorg	S	52
Finansforvaltninga	S	58
Investeringsrekneskapen	S	61
Næringsfond	S	64
Vegen vidare	S	67
Vedlegg	S	68

Innleiing

*I Bremanger kommune skal alle innbyggjarane ha god livskvalitet, i alle livsfasar! Dette kjem til uttrykk i visjonen vår: **Leve, virke, nyte - heile livet!***

For å lukkast må vi vere ein attraktiv kommune for innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, besøkjande og for dei tilsette.

Vi som arbeider i kommuneorganisasjonen har ansvar for å levere gode tenester og forvalte fellesskapet sine ressursar til beste for alle. Gjennom arbeidet vårt skal vi bidra til å nå måla i samfunnsplanen og oppfylle kommunen sin visjon.

Bremanger har gode økonomiske rammevilkår. Den desentraliserte og kostnadskrevjande organiseringa, saman med nye krav og oppgåver, auka forventningar og rekrutteringsutfordringar krev likevel at vi heile tida må fokusere på utvikling av tenestene og leite etter kostnadseffektive løysingar. Dette ansvaret kviler særskild på leiarar i kommuneorganisasjonen og politikarane. Skal vi lukkast må vi arbeide tverrfagleg og vi er avhengige av godt samarbeid med dei tilsette, brukarar, pårørande, næringsliv, frivillige lag og organisasjonar og andre samarbeidspartar.

Krigen i Ukraina har og innverknad på Bremanger kommune. Vi sa ja til IMDI si utfordring om å ta imot inntil 30 flyktningar i laupet 2022. Resultatet vart 24. Samarbeid på tvers av fag og sektorar gjorde til at vi raskt fekk effektuert bustader, helse-, skule- og barnehagetilbod og vaksenopplæring. Samarbeidet med frivilligsentralen og lag og organisasjonar har og hatt stor verdi og gjer oss rusta til å ta imot fleire flyktningar i 2023.

Driftsrekneskapen for 2022 er gjort opp med eit netto driftsresultat på 69,2 millionar kroner, der 2 millionar er kroner bruk av bundne driftsfond (heile verksemda), 1,7 millionar kroner er ført mot investeringsrekneskapen (eigenkapital-tilskot KLP og leasingkontraktar) og 69,5 til disposisjonsfond. Dette er eit historisk godt resultat for Bremanger og gjer at vi no er i ferd med å skape eit økonomisk handlingsrom som gjer at kommunen kan vere i stand til å setje i verk utviklingstiltak som kan bidra til å demme opp for den største utfordringa vi har: Demografi og folketalsutvikling. Dette vil og krevje kloke val og prioritering av tiltak.

Årsmeldinga er ein del av samla årsrapport 2022 for Bremanger kommune. Den skal gje ein samla, nøktern rapport om kommunen sin tilstand og utvikling og gje utfyllande informasjon til årsrekneskapen.

Eg takkar leiarar, tilsette, tillitsvalde, samarbeidspartar, politikarar og frivillige for samarbeidet i 2022. Det er i samspel vi evnar å levere gode, berekraftige tenester til innbyggjarane i Bremanger!

31.12.2021/31.03.2023

Tom Joensen
Kommunedirektør

Økonomiske rammevilkår


Bremanger kommunen har spreidd busetnad. Som konsekvens av dette har kommunen ein desentralisert organisering med tenestetilbod i mange bygder. Dette, saman med demografisk samansetnad i befolkninga, gjer at kommunen har eit høgt kostnadsnivå. Dette forholdet er avspeгла i indeksberekna utgiftsbehov. Kommunen Bremanger kommune har i utgangspunktet gode økonomiske føresetnader, ikkje minst på grunn av store inntekter utanfor inntektssystemet. På den andre sida har vi og høge utgifter.

Eit viktig føremål med inntektssystemet er å bidra til at kommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane gjennom å kompensere for ufrivillige kostnadsforskjellar. Det indeksberekna utgiftsbehovet baserer seg på at norske kommunar har ulik geografi, alderssamansetnad, og ulike levekår. Nokre kommunar har mange barn i skulealder, andre kommunar har mange lange reiseavstandar, spreidd busetnad, og/eller mange eldre som treng omsorgstenester. Dette gjer at kommunale tenester, som grunnskule, barnehage og omsorgstenester, ikkje kostar det same å tilby i alle kommunar.

Bremanger er i KOSTRA-gruppe 5, dvs. kommunar med mellom 2 000 og 9 999 innbyggjarar med høge bundne kostnader og middels frie disponible inntekter (korrigerte inntekter). I kostar gruppa er dert 33 kommunar, m.a. Lærdal, Luster og Fjaler frå “gamle” Sogn og Fjordane.

Føremålet med kommunegrupperinga, eller KOSTRA-gruppene, er å ordne Noregs kommunar i samanliknbare grupper etter økonomiske rammevilkår, folkemengd og frie disponible inntekter. SSB har utarbeidd slike grupperingar sidan 1990-tallet, og dei vert revidert omlag kvart femte år. Dei vart sist endra i 2020, etter kommunereforma som trådte i kraft frå 1. januar 2020.


Det indeksberekna utgiftsbehovet for Bremanger kommune legg til grunn at kommunen treng om lag 24% meir i rammeoverføringar enn ein gjennomsnittleg norsk kommune for å levere dei lovpålagde tenestene:




Grafane viser utgiftsbehov for eigen kommune både samanlagt og per tenesteområde. Utgiftsbehov er staten si berekning av kommunen sine utfordringar på det aktuelle tenesteområdet.

Som det går fram av figuren er det berekna at kommunen skal ha lægre utgifter enn landsgjennomsnittet innan barnevern, barnehage og sosiale tenester. På dei andre tenesteområda er det berekna at kommunen til dels skal ha vesentleg høgare utgifter enn ein gjennomsnittskommune. Dette gjeld særleg innan tenestene pleie og omsorg, kommunehelseteneste, landbruk og administrasjon, styring og fellesutgifter.

Når det gjeld frie inntekter, dvs. skatteinntekter og rammetilskot, så hadde Bremanger i 2022 kr. 83 495,- pr. innbyggjar. Dette er t.d. kr. 7 412,- meir enn gjennomsnittet i Kostra-gruppe 5. Dei frie inntektene kan kommunen disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar.




Utfordringa er at Bremanger og har høgare netto driftsutgifter pr. innbyggjar når vi korrigerer for kommunen sitt utgiftsbehov. Som figuren under viser, så bruker vi meir ressursar enn det korrigert utgiftsbehov skulle tilseie på dei fleste områda. (Dersom ressursbruken er høgare enn 100% så bruker kommunen meir pengar enn landsgjennomsnittet korrigert for kommunen sitt utgiftsbehov):



Den viktigaste årsaksfaktoren til avviket er organisering av tenestene, dvs. desentralisert struktur og mange driftseiningar. I 2022 har kommunen m.a. fem oppvekstsenter, to sjukeheimar, to helsesenter, tre heimesjukepleieområde, omsorgsleilegheiter i fleire bygde, to bufellesskap for menneske med nedsett funksjonsevne samt to lokalitetar for arbeidstilbod til brukarane av desse tenestene.

Ser ein forholdet mellom frie inntekter og kommunen sitt samla forbruk pr. innbyggjar, så ser ein at kommunen er avhengig av andre inntekter enn overføringane frå Staten for å dekke utgiftene:

Netto driftsutgift per innbyggjar og tenesteområde



	Bremanger	Kostragruppe 05	Fjaler	Luster	Lærdal	Vestland
■ Grunnskole	18 741	17 368	18 956	20 478	19 876	17 182
■ Pleie og omsorg	26 855	22 303	19 527	23 891	25 067	24 529
■ Barnevern	4 199	2 761	2 231	2 259	2 101	2 829
■ Barnehage	11 862	10 094	10 924	10 635	11 398	10 005
■ Kommunehelse	4 750	4 464	4 503	4 690	7 794	4 356
■ Sosiale tjenester	2 136	3 569	4 423	5 094	3 418	3 975
■ Kultur og idrett	3 654	3 256	1 945	4 239	3 974	2 911
■ Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	742	1 171	1 249	1 370	938	1 151
■ Adm, styring og fellesutgifter	7 259	6 431	6 293	6 257	8 170	5 515
► ■ Andre område	6 010	1 362	6 757	-13 657	-5 692	1 667
Totalt	86 207	72 778	76 808	65 257	77 043	74 120

Folketalsutvikling

Folketalsutviklinga og den demografiske samansetnaden har direkte innverknad på kommunen sine rammeoverføringar frå Staten.

Folketalsutviklinga var og negativ i 2022. Totalt vert det ein reduksjon på 39 innbyggjarar og kommunen hadde ved utgangen av året 3 482 innbyggjar.

Folketalsutviklinga syner ein reduksjon på 223 innbyggjarar, eller 6% dei siste fire åra:


	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av året	3 705	3 629	3 597	3 521
Fødde	30	32	26	19
Døde	45	39	54	59
Fødselsoverskot	-15	-7	-28	-40
Innvandring	18	14	15	27
Utvandring	8	5	21	6
Innflytting, innanlands	62	90	89	84
Utflytting, innanlands	135	123	131	104
Netto innvandring og flytting	-63	-24	-48	1
Folkevekst	-76	-32	-76	-39
Folketalet ved utgangen av året	3 629	3 597	3 521	3 482

Dette er kommunen si hovudutfordring. Særleg gjev utvikling og prognosane for tal barn i grunnskulealder grunn til uro.

Folketalsutvikling og den demografiske samansetnaden av befolkninga har direkte innverknad på kommunen sine rammeoverføringar frå staten, jf. berekna indeksregulert utgiftsbehov. Held utviklinga fram vil det vere svært krevjande å oppretthalde dagens organisering av tenestene i framtida.

Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen

Alder



Næringsstrukturen i Bremanger gjev på si side grunn til optimisme. Det lokale næringslivet går generelt sett godt, og det vert satsa stort innan ny fornybar energi, marin sektor og reiseliv; næringar som alle er i kjerneområdet for dei nasjonale satsingane. Likeins har Elkem Bremanger vidareutvikla seg som leverandør av spesialråstoff innan fornybar-området og digital teknologi.

Utfordringa framover vert å rekruttere nok arbeidskraft med relevant kompetanse. Kommunen må her vere ein aktiv medspelar/tilretteleggjar m.o.t. kompetanseheving og tilgang på nærings- og bustadareal.


Politisk organisering

Bremanger kommune har valt å organisere den politiske delen av verksemda etter kommunelova sine minimumskrav når det gjeld politiske utval.

Bremanger kommune har “minimumsmodell” etter kommunelova. Dette kan bidra til effektiv bruk av ressursane, men gjev og utfordringar m.o.t. å engasjere kommunestyrepolitikarane som ikkje er medlem i andre utval. Dette er forsøkt bøta på ved å starte fleire, strategiske utviklingsprosjekt der politikarar frå kommunestyret vert trekt aktivt inn i styringsgrupper og gjennom dette kan påverke utviklinga av dei kommunale tenestene. Tilsvarande kan dei ved deltaking i dei ulike fasane av investeringsprosjekt bidra til å finne fram til dei beste løysingane og sikre at kommunestyret sine mandat vert følgd opp.

Det vart i 2022 nedsett eit eige arbeidsutval som skulle vurdere den framtidige politiske organiseringa. Konklusjonen, jf. KST- 066/22 var å halde fram med 23 representantar i kommunestyret. Vidare vedtok ein at Administrasjonsutvalet skal vere i tilknytning til formannskapet, at vi skal ha hyppigare møte i kommunestyret, samt å vi skal bli flinkare til å etablere prosjektgrupper jf. prosjekthandboka for å skape eit større politisk engasjement. Til slutt skal vi sikre gjennomgåande representasjon ved val av representantar til ulike råd og utval.

Bremanger kommune hadde slik politisk organisering i 2022:



KOMMUNESTYRET 2022

Parti	2022
AP (7)	Anne Kristin Førde (ordfører)
	Espen Sortevik
	Frank Midtbø
	Monica Liseth Hauge
	Nina Klara Grotle
	Per Helge Eikeland
	Leo Cirotzki
SP (6)	Magne Ivar Kjerpeseth (varaordfører)
	Espen Walter Gulliksen
	Henny Hansen
	Kjell Ottar Leirgulen
	Knut Erlend Dombestein
	Vibeke Kjerpeset
V (5)	Svein Arne Torvanger
	Irene Storøy
	Janne Kjærstad
	Jeanette Kristiansen Grotle
	Svein Olav Senneset
H (4)	Elisabeth Birkeland Hatlenes
	Harry Gulestøl
	Jorunn Petrine Frøyen
	Per Røys
SV (1)	Norvall Klungresæter

Kommunestyret hadde åtte møte i 2022. Til saman vart det behandla 68 saker i løpet av året.

FORMANNSKAPET 2022

Parti	2022
AP	Anne Kristin Førde (ordfører)
	Per Helge Eikeland
SP	Magne Ivar Kjerpeseth (varaordfører)
	Henny Hansen
V	Irene Storøy
	Svein Olav Senneset
H	Elisabeth Birkeland Hatlenes

Formannskapet hadde 11 møte og behandla 115 saker i løpet av 2022.

KLAGENEMNDA 2022

Klagenemnda er oppretta som ei særskild klagenemnd etter forvaltningslova § 28, 2. ledd og vert rekna som eit anna folkevald organ etter kommunelova § 5-1. Klage-nemnda skal handsame alle klager der einskildvedtak som er treft av administrasjonen etter delegert mynde frå kommunestyre og formannskap.

Parti	2022
SP	Ann Lisbeth Hauge (leiar)
AP	Aud Berit Mulelid (nestleiar) Knut Sande

I 2022 var det ikkje meld saker til utvalet.

ADMINISTRASJONSUTVALET 2022

Administrasjonsutvalet hadde eitt møte i 2022 og behandla fem saker.


ANDRE UTVAL/ORGAN

Når det gjeld Kontrollutvalet og dei rådgjevande organa Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet vert det vist til eigne årsmeldingar.

Organisering, personal, internkontroll

Auka krav til dei kommunale tenestene, rekrutteringsutfordringar og kompleksitet i oppgåvene krev kontinuerleg fokus på samhandling og samordning på tvers av fag og sektorar. Dette betyr at organiseringa av den kommunale verksemda er under kontinuerleg vurdering.

Kommunen sin overordna administrative organisering i 2022:



ÅRSVERK OG TAL TILSETTE

Tabellen inneheld ikkje støttekontaktar eller personar på kvalifiserings- og introduksjonsstønad. Kommunalt tilsette ved NAV ligg inne i tal for helse- og omsorg.

Tal pr. 31.12.22

Område	Kvinner	Kvinner årsverk	Menn	Menn årsverk	Sum tilsette	Sum årsverk
Helse- og omsorg	202	175,63	17	15,8	219	191,43
Oppvekst/kultur	117	110,93	18	17,4	135	128,33
Sentraladm.	6	6	7	7	13	13
Kultur	10	8,13	7	4,58	17	12,71
Samfunn og utvikling	30	25,22	70	17,77	100	42,99
Totalt	365	325,91	119	63,55	484	388,46

I helse og omsorgssektoren er det 8,7 årsverk i tillegg til dei tilsette. Dette er private omsorgsaktørar som legar, helsesekretærer og fysioterapeutar.

Pr. 31.12.22 var det i 484 fast tilsette i Bremanger kommune, og det utgjør 388,46 årsverk. Tabellen inkluderer brannmannskapa. Dette er forklaringa på det høge talet menn i høve tal årsverk i Samfunn og utvikling. Det er ein samla reduksjon frå 2021 til 2022 med 6,25 årsverk.

Gjennomsnittsalderen i Bremanger kommune er 48,67 år fordelt slik:

Helse og omsorg	49,1 år
Oppvekst	47,7 år
Sentraladministrasjon	50,6 år
Kultur	52,9 år
Samfunn og utvikling	48,7 år

Oversikta indikerer at kommunen vil få eit stort rekrutteringsbehov i åra som kjem og at vi må arbeide aktivt med å trekke till oss arbeidskraft i alle sektorar.

LIKESTILLING OG LIKEVERD

I Bremanger kommune sin arbeidsgjevarepolitikk er eit av måla at kommunen skal fremje likestilling, mangfald og inkluderande haldningar. Likestilling og likeverd skal gjelde både mellom kjønn, aldersgrupper, ulike funksjonsnivå og ulik kulturbakgrunn.

I Bremanger kommune er 83,9 % av alle årsverk kvinner, dette skuldast at det innan pleie- og omsorgssektoren i hovudsak arbeider kvinner. I kommunen si leiargruppe er kjønnsfordelinga slik:

	<i>Kommune- direktør</i>	<i>Stab</i>	<i>Kommunalsjef</i>	<i>Driftssjefar</i>	<i>Totalt</i>
Kvinner		2	2	6	10
Menn	1	1	1	4	7
Totalt	1	3	3	10	17

Tabellen viser oversikt over leiarane som høyrer til i kap. 3.4.1 og 3.4.2. i hovudtariffavtalen, dvs. leiarar som får løna si fastsett lokalt, og som har eit sjølvstendig budsjett-økonomi- og personalansvar. Om lag 59% av alle leiarane i kommunen er kvinner.

Av tabellen som viser årsverk og tal tilsette, kjem det fram at kvinner i gjennomsnitt har lægre stillingsprosent enn menn som er tilsett i Bremanger kommune. Uønska deltid er den største utfordringa vi har i høve til likestilling mellom kjønna. Det vert arbeidd kontinuerleg med å auke stillingsprosenten til deltidstilsette, og alle tilsette vert kvart år inviterte til å melde inn m.a. ønskje om auka stillingsprosent. Frå 2021 til 2022 har vi ei auke i gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner frå 0,88% til 89,3%.

Tal fast tilsette i Bremanger kommune med innvandrarakgrunn var i 2022 85 personar, dvs. om lag 18% av tal tilsette.

INTERNKONTROLL

Kommunelova frå 2018 har fått ei eiga bestemming om internkontroll som er meir omfattande og detaljert enn lova frå 1992. Dei nye reglene gjer det tydelegare at god internkontroll er eit leiaransvar og kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen (§ 25). Kommunedirektøren skal og rapportere til kommunestyret om internkontrollen og om resultat frå statleg tilsyn minst ein gong i året. Dette gjeld frå 2021.

Mål med lovendringa er at det skal bli lettare å ta eit meir heilskapleg grep om internkontrollen når ansvaret vert plassert hjå den øvste administrative leiaren i kommune. Dette inneber og lik regulering for dei ulike sektorane.

Arbeidet med oppbygging av nytt internkontrollsystem er starta. Målet er å ha ein heilskapleg struktur og godt samspel med styringssystemet elles i verksemda. Systemet skal og verksemda elles og tilpassa kommunen sitt behov og risikobilete. Systemet skal:


- skildre verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- sikre naudsynte rutinar og prosedyrar
- avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- evaluerast og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Mykje av systemet er alt på plass gjennom kommunen sitt kvalitets- og avvikssystem (Kvalitetslosen) og rolleavklaringar gjennom delegeringsreglement og leiaravtalar. Det som gjenstår er i all hovudsak

skildring av sjølve systemet, samt sikre oppfølging på alle nivå i organisasjonen der internkontrollen er ein integrert del av den laupande drifta og styring av verksemda:



Kvalitetsarbeid – styring av verksemda



For å sikre ein tilpassa internkontroll i heile verksemda må vi ta utgangspunkt i status, gjere risikovurderingar i den einskilde eininga, formalisere ansvaret, ha på plass naudsynt dokumentasjon, rutinar og prosedyrar og gjennomføre kontrollaktivitetar gjennom dagleg verksemd, avvikshandtering og kontrollar.

Det er i samband med årsmeldinga 2022 gjennomført modenheitsanalyse i alle driftseiningane. Prosessen syner at vi har eit utviklingspotensiale. Analysen skal danne grunnlag for einingane sine prioriteringar i intern-kontrollarbeidet framover. Samla sett har vi dei største utfordringane i høve områda:


- Systematisering av internkontrollen
- Synleggjering av mål, oppgåver, organisering og ansvar eksternt
- Tilfredsstillande risikoanalyse for einingane som er årleg ajourført
- Eigenkontroll som dokumenterer etterleving av internkontrollen

Dett vil bli følgt opp med tiltak på einingane og ev. i fellesskap gjennom fellesopplegg på driftssjefssamarbeid.

Samla vurdering av modenheit i internkontrollarbeidet etter gjennomførte analysar samsvarar godt med forventning før gjennomføringa: Vi må få til ein endå betre integrasjon av internkontrollen i dagleg drift.



Ambisjoner - kor er vi – kor skal vi...



Figuren viser vurdering kommuneorganisasjonen sin modenheit i høve internkontrollen pr. 31.12.2022.

TILSYN OG KONTROLL

STATSFORVALTAREN

Kommunen hadde ikkje tilsyn frå Statsforvaltaren i 2022.

MATTILSYNET

Mattilsynet gjennomførte i 2021 tilsyn på vassverka i Svelgen, Ryland, Rugsund, Hamrefossen, Kolset og Bråtane. Tilsynet vart gjennomført med heimel i matlova § 23.

Det vart funne brot på drikkevassforskrifta ved alle vassverka. Avvika omhandla avvikshandtering, sikring av vassverka og vedlikehaldsplan. Det er utarbeidd handlingsplan for lukking av avvika som er godkjend av Mattilsynet. Ein del tiltak er alt gjennomført, og ein har gjennom året hatt laupande dialog med tilsynet for å finne løysingar som er tilfredsstillande.

KONTROLLUTVALET/REVISJON

Kontrollutvalet gjennomførte i 2022 forvaltningsrevisjon om planarbeid i Bremanger kommune. Rapporten hadde følgjande innspel til kommunedirektøren i høve funna i revisjonsarbeidet:

- Sikre at rutinar for kommuneplanarbeidet er tilstrekkelege.
- Sikre at kapasiteten til planarbeid er god nok i eigen organisasjon og at den vert nytta godt nok.
- Sikre tilgang på tilstrekkeleg areal til næring og bustad og ha samla oversikt over dette.
- Sikre at planstrategi vert handsama første året i neste valperiode.

Kommunestyret behandla rapport i KST- 050/22 og gjorde følgjande vedtak: “Kommunestyret tek rapport frå forvaltningsrevisjon om planarbeid til vitande.”

Kontrollutvalet laga og rapport om eigarskapsoppfølginga i Bremanger kommune. Tilrådinga til kommunestyret var å ha særskild fokus på:

- Avklare intervall for handsaming av eigarskapsmelding.
- Opplæring i eigarrolla som ein del av folkevaldopplæringa.
- Avklare tilhøvet mellom samarbeidsavtala for IKT Nordfjord KO og reglane i kommunelova om kjønnsbalanse.
- Sikre registrering i styrevervsregisteret for dei som har roller på vegner av kommunen oga arbeide for at selskapa har eigne rutinar for å registrere leiing og styre i styrevervsregisteret.
- Avklare kor ofte det bør vere eigarmøte i ulike selskap.

Elles gjennomførte revisjonen Forenkla etterlevingskontroll vedkomande rutinar for vederlagsutrekning og etterutrekning for langtidsopphald på institusjon. Revisjonen si vurdering er at kommunen har tilfredsstillande rutinar for dette arbeidet..

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Jf. HMT-organisering, handlingsplan for 2022-2023, er overordna mål at Bremanger kommune skal fremje Helse- miljø og tryggleik. Det skal vere felles HMT- og kvalitetskultur for heile verksemda.

Sjukefråværet skulle ikkje vere over 7 %. Det totale fråværet for 2022 var på 9 % medan fråværet i 2021 var 8,4 %.

Tabellen under viser utviklinga i sjukefråværet dei siste 8 åra (prosent):

Område	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Helse- og omsorg	7,2	8,6	9,8	9,6	10,2	11,5	10,8	10,6
Oppvekst	8,2	6,6	7,5	8,1	7,4	8,3	6,3	8,1
Sentraladm.	1,6	3,1	4	5,1	3,6	4,2	4,8	2,6
Kultur	6,2	3,5	5,7	4,9	8	6,7	2,1	2,5
Teknisk	2,1	2,8	2,2	2,7	3,2	6,1	1,8	7,8
Totalt	6,9	7	8,1	8,3	8,4	9,6	8,4	9

5,7% av sjukefråværet er fråvær over 40 dagsverk. 1,9 % eigenmeldt, noko som er ein klar auke. Av det totale fråværet er 0,4 % koronarelatert. (Det er ikkje mogleg å hente ut tal for legemeldt fråvær som er koronarelatert). Fråværet i Bremanger kommune er høgast i institusjonane, i barnehage og i reinhaldstenesta. Dette biletet samsvarar med dei nasjonale trendane.

I samarbeid med bedriftshelsetenesta og Arbeidslivssenteret vert det halde eit kontinuerleg fokus på sjukefråværsarbeidet. Oppfølgingsarbeidet driftseiningane etter gjennomført “temperaturmålar” (sjå under) vil vi og fokusere på sjukefråvær og årsakene til dette.

«TEMPERATURMÅLAREN»

Det vart i 2022 gjennomført ei kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet i alle driftseiningane. Kartlegginga vart gjennomført av bedriftshelsetenesta. Målet var å kartlegge status og avdekke område for forbedring.

Verktøyet – «temperaturmålar» har fire dimensjonar:

- Personleg utvikling
 - Arbeidstakaren si oppfatning av moglegheitene til å utvikle seg gjennom arbeidet, arbeidsmengda, variasjon i arbeidet, krav og eiga meistring av arbeidsoppgåvene.
- Sosialt samspel på arbeidsplassen
 - Kommunikasjon og samspel, likeverd
- Organisatoriske forhold
 - Eininga si formelle organisering, koordinering, samhandling, informasjonsflyt og balanse mellom arbeid og fritid
- Organisasjonskultur
 - Normer og verdiar som utviklar seg i eininga når tilsette samhandlar med kvarandre og omgjevnadane


Kartlegginga skal gje eit bilete av dett psykososiale arbeidsmiljøet og nyttar “trafikklysmodellen”:

Grøn: Gode og tilfredsstillande arbeidsmiljøforhold

Gul: Signaliserer begynnande vanskar eller problem i arbeidsmiljøet. Må vurdere tiltak.


Rød: Signaliserer stort behov for endringar i arbeidsmiljøet. Det er naudsynt med tiltak for betre forholda.

Svarprosent for dei ulike sektorane:



Under sentraladministrasjon med fl. ligg i tillegg til sentraladministrasjonen: Samfunn og utvikling, Kultur og NAV.

Når vi samanliknar på tvers av grupper så svarar majoriteten av dei tilsette med grøn m.o.t. totalopplevinga av det psykosiale arbeidsmiljøet på arbeidsplassen(prosent)



Det er relativt stor variasjon mellom einingane. Tema som peiker seg ut og som vil bli fokusert på i oppfølgingsarbeidet er m.a:

- Tidspress
- Informasjon
- Kommunikasjon
- Arbeidsfordeling
- "Vi-kjensle"

I tillegg til lokal oppfølging på driftseiningane vert undersøkinga følgd opp på fellessamlingar for driftssjefane. Her fokuserer vi på erfaringsdeling og drøfter behov for felles tiltak.

AVVIK OG VARSLING

Det har også i 2022 vore arbeid med kompetanseheving, kultur og aktiv bruk av kvalitets- og avvikssystemet innanfor HMT-området. Ein har fokusert på kva som skal meldast som avvik, kva kategori ein skal bruke ved avviksmelding og vurdering av alvorsgrad ved avviksmelding.

Tabellen viser avviksmeldingar fordelt på kategori frå 2018 til 2022:

Kategori	2018	2019	2020	2021	2022
Helse- miljø og tryggleik	211	213	142	159	161
Organisasjon/internt	132	150	100	111	128
Teneste/brukar	486	425	342	320	342
Melde avvik *	746	662	517	516	542

* Avvik kan meldast med fleire kategoriar.

Helse- og omsorg har størt del avvik, men tal avvik er aukande i dei andre sektorane, spesielt innan oppvekst, kultur og fritid.

Det er ikkje levert varsel i 2022.

REKRUTTERING

Bremanger kommune har utfordringar med å rekruttere sjukepleiarar og vernepleiarar til Helse- og omsorgssektoren. Det vart gjort avtale om tidsavgrensa rekrutteringstillegg med kr. 30.000,- pr år til sjukepleiarar og vernepleiarar. Tillegget fell vekk ved 10 års lønsansiennitet.

Eit tiltak for å få eldre arbeidstakarar til å utsetje å pensjonere seg finn vi i vedteken seniorplan. Om tilsette ikkje tek ut avtalefesta pensjon etter fylte 62 år vil lærarar få ein arbeidstidsreduksjon på 20 % med full løn. Andre tilsette får innvilga inntil 10 seniordagar pr. år.

Helsefagarbeidarar satsar vi på å rekruttere innan eigne rekke, gjennom stipendtildeling og tilrettelegging for at fleire av assistentane kan ta fagbrev. Også i 2022 har det vore jobba med dette.

I 2022 hadde vi i alt 9 lærlingar, 1 innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, 7 innan helsefag, 1 kontorlag og 1 kock. I tillegg hadde vi 1 TAF-elev innan helsefag

KOMPETANSEHEVING

Bremanger kommune fekk tildelt kr.1.058.000,-i kompetansemidlar (Kompetanse- og innovasjonstilskot) frå Statsforvaltaren, som skal fordelast til tilsette innan helse- og omsorg. Midlane, saman med kommunalt stipend, vart nytta til vidareutdanning av fagpersonell, til grunnutdanning for assistentar som tek fagbrev, fagskule, brukarstyrt personleg assistent, vidareutdanning innan helsefag og leiaropplæring og leiarutdanning.

Kommunen sin økonomiske utvikling

Etter 14 år på ROBEK-lista fekk vi i 2021 endeleg dekkja resten av det akkumulerte underskotet etter Terra-saka. Kommunen gjekk inn i 2022 med 7,6 millionar kroner på disposisjonsfond. Kommunen sitt netto driftsresultat i 2022 gjer at kommunen no er langt betre rusta for å handtere svingingar i drifta og nytte eigenkapital i høve framtidige investeringar.

DRIFTSREKNESKAPEN

Driftsrekneskapen for 2022 er gjort opp med eit netto driftsresultat på 69,2 millionar kroner, der 2 millionar kroner bruk av bundne driftsfond (heile verksemda), 1,7 millionar kroner er ført mot investeringsrekneskapen (eigenkapital-tilskot KLP og leasingkontraktar) og 69,5 til disposisjonsfond.

Årsakene til det relativt gode resultatet er forhold som kommunen i liten grad kan påverke: Meir skatteinntekter og rammetilskot enn budsjettert, høgare kraftinntekter og overføringar frå havbruksfondet enn budsjettert samt store reduksjonar i tidlegare førte tap på derivatavtalane i Danske Bank.

Elles var drifta omlag i balanse i høve justert budsjett (0,2 millionar kroner i “underforbruk”). Dette er positivt, men om ein ser på den underliggande drifta, så er det framleis meirforbruk i dei store sektorane; Helse og omsorg og Oppvekst, kultur og fritid.

LÅNEGJELD

Når det gjeld kommunen sin lånegjeld, så er denne i løpet av 2022 auka med knappe 38 millionar kroner. Gjelda ved utgangen av året var 399,9 millionar kroner, eks. lån for vidareformidling i Husbanken. Netto lånegjeld ved utgangen av 2022 på 74,6 % av brutto driftsinntekt. I dette ligg og gjeld innanfor sjølvkostområda.

NÆRINGSFOND

Kommunen sine konsesjonsavgiftsinntekter frå kraftproduksjonen i Bremanger blir inntektsført på næringsfondet og forvalta etter eigne vedtekter og retningslinjer. Fondet skal bidra til næringsutvikling og busetjing i Bremanger kommune og vert m.a. nytta til drift av kommunen sitt næringsapparat, viktige planoppgåver og utviklingsprosjekt, samt til tilskot og ansvarlege lån til lokale etablerarar og bedrifter. Fondet vart tilført om lag 6,1 millionar kroner i 2022. Det vart brukt knappe vel 6,9 millionar og fondet hadde ein saldo ved utgangen av året på 2,3 millionar kroner.

RESULTAT I HØVE KOMMUNEN SINE FINANSIELLE MÅLTAL

NETTO DRIFTSRESULTAT


Netto driftsresultat viser kor mykje som er igjen etter eit rekneskapsår til å investere (eigenkapital) eller bygge opp reserver, t.d. til disposisjonsfond. Etter kommunelova må talet over tid vere større enn null.

Men dersom kommunen skal kunne handtere uføresette hendingar i løpet av året, eller setje av pengar til seinare år, må vi ha eit visst nivå på driftsresultatet.

Måtalet må vere realistisk. For tøffe krav til netto driftsresultat vil kunne bety redusert kvalitet, eller kutt i tenestetilbodet. Samstundes bør resultatet vere stort nok til at vi kan handtere uføresette hendingar og er i stand til å byggje opp disposisjonsfond og setje av eigenkapital til investeringar.

Mål	Resultat	Status/kommentar
Min. 1,75%	13,1 %	OK

Utviklinga i netto driftsresultat og samanlikning med Kostragruppe 5, Lærdal, Luster og Fjaler samt Vestland fylke:




Som det går fram av grafen/tabellen over, så har Bremanger kommune hatt gode netto driftsresultat dei seinare åra. Det må likevel understrekast at mykje av resultata kjem som følgje av inntekter som kommunen i liten grad kan påverke. Ser vi på driftssida, så har vi i heile perioden, med unnatak i 2022, hatt netto driftsutgifter over budsjett.

DISPOSISJONSFOND

For å sikre ein viss handlefridom i høve uventa utfordringar i drifta, er det viktig å ha disposisjonsfond, eller udisponerte rekneskapsresultat frå tidlegare år.

Mål	Resultat	Status/kommentar
Min. 5%	15%	OK

Utviklinga i disposisjonsfond samanlikna med Lærdal, Luster, Fjaler, Vestland fylke og Kostragruppe 5:



ARBEIDSKAPITAL

Arbeidskapital er eit uttrykk for kommunen sitt handlingsrom, og er differansen mellom omløpsmidlar (kontantbeholdning og kortsiktige fordringar) minus kortsiktig gjeld.

Arbeidskapitalen er viktig dersom vi skal sikre likviditet, dvs. evna til å betale laupande utgifter i rett tid.

Arbeidskapitalen kan aukast ved låneopptak, eller gode driftsmargar. Kommunen sin eigen ambisjon er at arbeidskapitalen skal utgjere minimum 15% av brutto driftsinntekt, eller om lag 78 millionar kroner.

Kommunestyret har eit særleg ansvar for å vurdere arbeidskapital og likviditet i budsjettsamanheng, og då er det føremålstenleg og også ha eit måltal for denne.

Mål	Resultat	Status/kommentar
Min. 15%	7,1%	Årsaka til at vi ligg under måltalet er bokført negativ verdi på derivatavtalane i Danske Bank

Når det gjeld arbeidskapital, så kan det for Bremanger kommune sin del korrigerast for restgjelda i Danske Bank (derivatavtalane). Desse vert bokført som kortsiktig gjeld, sjølv om avtalane har ein varigheit fram til 2036. Om ein ser bort i frå desse ville kommunen ha arbeidskapital på om lag 22 %.

LÅNEGJELD


Tilrådinga er at netto gjeld ligg under 75% av brutto driftsinntekt. For Bremanger vil dette i 2022 tilseie om lag 388 mill. kroner.

Vi må skilje mellom ordinær gjeld og gjeld til VAR-tenester, formidlingslån via Husbanken og lån med rentekompensasjon. Når det gjeld lån til innanfor VAR-området, så skal desse vere sjølvkostbaserte og renter og avdrag dekkast gjennom brukarbetaling. Formidlingslån via Husbanken skal over tid ha rentebalansen lik null og for lån med rentekompensasjon vert renta dekkja over statlege tilskotsordningar.

Mål	Resultat	Status/kommentar
Max 75%	74,6%	OK

Det er verd å merke seg at det kun er formidlingslån (Husbanken) som er trekt ut i vurderinga av låneporteføljene til Bremanger kommune.


Utvikling i netto lånegjelda over tid:



DRIFTSREKNESKAPEN


Driftsrekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på 69,2 millionar kroner, eller 13,1%.

Som det tidlegare er nemnd er det økonomiske utgangspunktet for Bremanger kommune godt. Vi har høgare inntekter og mindre lånegjeld i høve inntektene enn dei fleste kommunar. Utfordringa er at vi og har høge driftsutgifter:



	Bremanger	Kostragruppe 05	Fjaler	Lærdal	Luster	Vestland
■ Grunnskole	18 741	17 368	18 956	19 876	20 478	17 182
■ Pleie og omsorg	26 855	22 303	19 527	25 067	23 891	24 529
■ Barnevern	4 199	2 761	2 231	2 101	2 259	2 829
■ Barnehage	11 862	10 094	10 924	11 398	10 635	10 005
■ Kommunehelse	4 750	4 464	4 503	7 794	4 690	4 356
■ Sosiale tjenester	2 136	3 569	4 423	3 418	5 094	3 975
■ Kultur og idrett	3 654	3 256	1 945	3 974	4 239	2 911
■ Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	742	1 171	1 249	938	1 370	1 151
■ Adm, styring og fellesutgifter	7 259	6 431	6 293	8 170	6 257	5 515
► ■ Andre område	6 010	1 362	6 757	-5 692	-13 657	1 667
Totalt	86 207	72 778	76 808	77 043	65 257	74 120

Dersom ein ser på dei teoretiske moglegheitene for innsparing i høve samanlikningskommunane, så kan dette framstillast slik (basert på Kostra-tal 2022):



Som tabellen viser har Bremanger kommune stort, teoretisk innsparingspotensial innanfor fleire sektorområde. Dersom vi skal ta ut noko av dette potensialet vil det krevje endring i organisering/struktur på tenestene.

NETTO INNTEKT

Det er samla, skatt, rammetilskot og andre statstilskot samt inntekter frå kraft og eigedomsskatt, justert for netto finansutgifter, som dannar grunnlag for det driftsnivået kommunen kan leggje seg på. I tillegg må vi ta omsyn til at vi fram til 2036 har rentebytteavtalar i Danske Bank som, avhengig av utviklinga i den internasjonale rentemarknaden, kan påverke driftsrekneskapen – også negativt.

Netto inntekt 2022:

Netto inntekt	Rekneskap 2022	Bud just 2022	Avvik kroner	Avvik %
Sum Kraft	(12 259 750)	(3 000 000)	(9 259 750)	309 %
Skatt	(129 262 228)	(125 000 000)	(4 262 228)	3 %
Rammeoverføring	(161 465 806)	(157 000 000)	(4 465 806)	3 %
Sum skatt og ramme	(290 728 034)	(282 000 000)	(8 728 034)	3 %
Eigedomsskatt	(61 163 747)	(58 000 000)	(3 163 747)	5 %
Kompensasjonstilskot PLO	(893 306)	(900 000)	6 694	-1 %
Rentekompensasjon skuleanlegg	(100 853)	(100 000)	(853)	1 %
Intgreringstilskot	(4 678 780)	(5 500 000)	821 220	-15 %
Havbruksfondet	(22 540 479)	(11 000 000)	(11 540 479)	105 %
Sum gen. statstilskot	(28 213 418)	(17 500 000)	(10 713 418)	61 %
Flyktning Ukraina	2 873 167	2 500 000	373 167	15 %
Beredskap korona	854 459	500 000	354 459	71 %
Sum andre overføringer	3 727 625	3 000 000	727 625	24 %
Betalingsformidling	319 615	-	319 615	
Renter lån egne føremål	6 844 878	7 900 000	(1 055 122)	-13 %
Rente startlån	98 275	-	98 275	
Rentebytte avtale	12 753 230	13 900 000	(1 146 770)	-8 %
Forsinkingsrente	3 344	-	3 344	
Avsetning bundne driftsfond	10 270	-	10 270	
Hamn leige kai Kalvåg/Leirgulen	(740 000)	(740 000)	-	0 %
Renteinntekter	(1 282 560)	(1 000 000)	(282 560)	28 %
Rentebytte avtale	(5 957 280)	(6 900 000)	942 720	-14 %
Renteinntekter startlån	(167 941)		(167 941)	
Reduksjon gjeld Danske Bank	(6 795 951)	(7 000 000)	204 049	-3 %
Gevinst Verdi Danske bank	(31 634 145)	(34 000 000)	2 365 855	-7 %
Utbytte andre	(1 208 160)	(1 200 000)	(8 160)	1 %
Sum netto renter	(27 756 426)	(29 040 000)	1 283 574	-4 %
Avdrag	14 042 301	14 000 000	42 301	0 %
Avsetning disp fond	69 545 350	38 903 000	30 642 350	79 %
Overføring drift	550 000	550 000	-	0 %
Overf. Inv - ekap klp	1 129 757	1 130 000	(243)	0 %
Mva. komp. drift	(9 624 202)	(9 000 000)	(624 202)	7 %
Sum årsoppgjersdisp.	61 600 905	31 583 000	30 017 905	95 %
Sum netto inntekt	(340 750 542)	(340 957 000)	206 458	0 %

Kommentarar til avvik i høve justert budsjett 2022:

KRAFT

Samleposten kraft har eit positivt avvik på 9,2 millionar. Bakgrunnen er at vi pga. den svake prisutviklinga i kommunen sitt prisområde i første kvartal justerte ned budsjettet. Aktiv forvaltning av kraftavtalane og vesentleg positiv prisutvikling i hausten 2022 bidrog til det gode resultatet.

SKATT OG RAMME

Skatt og ramme viser eit samla positivt avvik på 8,7 millionar kroner høve justert budsjett. Årsakene er m.a. at den generelle økonomiske utviklinga i Noreg vart langt betre enn regjeringa forventa i statsbudsjettet. Skatteinntektene vesentleg høgare enn forventa. Dette skuldast delvis oppjustering av løns- og sysselsetjingsvekst og delvis auka utbytte til personlege skattyttarar i 2021. I tillegg fekk kommunane kompensert for utgifter til vaksinasjon og beredskapstiltak i samband med Covid.

EIGEDOMSSKATT

Samleposten eigedomsskatt viser eit positivt avvik på knappe 3,2 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak retaksering av Guleslettene vindkraftverk og auke i fastsette takstar på vasskraftverka.

GENERELLE STATSTILSKOT

Samleposten viser eit positivt avvik på 10,7 millionar kroner. Hovudårsaka er at Stortinget vedtok å auke overføringane til Havbruksfondet med 800 millionar kroner. Den samla utbetalinga vart over 3 milliardar kroner; den største utbetalinga i eitt einskild år til no.

Elles vart overført integreringstilskot frå Staten 0,8 millionar kroner lægre enn justert budsjett. Dette heng saman med at det kom noko færre flyktningar i 2022 enn vi vart oppmoda om å ta imot.

SUM ANDRE OVERFØRINGAR

Samleposten viser eit meirforbruk i høve budsjett på totalt 0,7 millionar kroner.

Når det gjeld kostnader til flyktningar, så gjeld dette i hovudsak klargjering av bustadar samt organisering av vaksenopplæringa.

Når det gjeld beredskap korona, så gjeld dette i hovudsak kostnader i samband med vaksining. Posten må sjåast i samband med auka rammeoverføring frå Staten.

SUM NETTO RENTE

Samleposten syner eit negativt avvik på om lag 1,3 millionar kroner i høve justert budsjett.

Avviket er i hovudsak relatert til avkastning på rentebytteavtalar i Danske Bank. Her var det uro i finansmarknaden seinhausten 2022 som påverka forventninga til utvikling av den lange renta.

På motsett side hadde vi mindre rentekostnader og høgare renteinntekter enn budsjettet, totalt 1,3 millionar kroner.

ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR

På grunn av den store auken i inntekter i løpet av 2022 kan vi setje av 30,6 millionar kroner meir enn justert budsjett til disposisjonsfond i 2022. Samla disposisjonsfond ved utgangen av 2022 var 77 millionar kroner, eller om lag 15%

Netto drift

Netto drift syner samla eit samla «mindreforbruk» på 0,2 millionar kroner i høve justert budsjett. I den samanhengen er det viktig å vere merksam på at streiken i skuleverket og verknadstidspunkt/-etterbetaling av ny løn til lærar etter tariffoppgjeret i 2022 verkar «positivt» inn på driftsresultatet.

Som det går fram av oversikta har vi framleis utfordringar med meirforbruk i dei to største sektorane.

Netto utgift	Rekneskap 2022	Bud just 2022	Avvik kroner	Avvik %
Sentraladministrasjon	18 859 529	19 110 000	(250 471)	-1 %
Premieavvik/regpremie/amort.	(16 745 236)	(16 745 000)	(236)	0 %
Kyrkje	4 200 000	4 200 000	-	0 %
Felles samfunn og utvikling	975 129	1 262 489	(287 360)	-29 %
NAV	5 600 467	4 800 542	799 925	14 %
Kommunalteknikk	38 000 981	39 944 742	(1 943 761)	-5 %
Plan og Forvaltning	3 961 797	5 029 326	(1 067 529)	-27 %
Sum Samfunn og utvikling	48 538 375	51 037 099	(2 498 724)	-5 %
Felles Helse/omsorg	10 479 945	9 720 901	759 044	7 %
Familie/Helse	46 453 958	47 289 910	(835 952)	-2 %
Open omsorg ytre	30 120 554	29 226 392	894 162	3 %
Open omsorg indre	63 853 823	60 893 255	2 960 568	5 %
Bremanger sjukeheim	30 250 378	32 194 442	(1 944 064)	-6 %
Sum Helse/omsorg	181 158 658	179 324 900	1 833 758	1 %
Felles oppvekst	13 636 201	13 208 811	427 390	3 %
Svelgen oppvekst	31 076 210	31 606 486	(530 276)	-2 %
Hauge oppvekst	20 512 242	20 590 334	(78 092)	0 %
Davik oppvekst	12 033 693	11 766 163	267 530	2 %
Kalvåg oppvekst	11 579 277	11 425 294	153 983	1 %
Kolset oppvekst	1 612 329	1 751 000	(138 671)	-9 %
Ålfoten oppvekst	5 726 626	5 580 321	146 305	3 %
Kultur	8 562 638	8 101 591	461 047	5 %
Sum Oppvekst, kultur og fritid	104 739 217	104 030 000	709 217	1 %
Sum netto utgift	340 750 542	340 956 999	(206 457)	0 %

Dersom vi ser på kommunen sine netto driftsutgifter, justert for utgiftsbehovet, så har kommunen relativt høge driftsutgifter innanfor dei fleste sektorområda:



Kommentarar til avvika innanfor sektorområda går fram av presentasjonen for kvart område under.

Status, utvikling og utfordringar i drifta

Skildring av status, utvikling og utfordringar innan kommunen sine sektorområde:

SENTRALADMINISTRASJONEN

Sentraladministrasjonen omfattar følgjande tenestekområde:


Avdeling	Tenester/ansvar
Politiske styrings- og kontrollorgan	Dette omfattar i tillegg til drift av eigne politiske organ: Revisjon, sekretariatstenester kontrollutval og overformynderi.
Sentraladministrasjon	I tillegg til driftsutgifter rådmanns- og næringsfunksjonen, omfattar det også løn til hovudverneombod og hovudtillitsvalde og diverse kommunale avtalar (innkjøp, kontingentar etc.)
Økonomikontor	Rekneskap, fakturering, innkrevjing og oppfølging av driftseiningane.
Løn- og personal	Lønsfunksjon, tilsetjingar, sekretariat administrasjonsutval og AMU, ansvar for koordinering av forhandlingar med arbeidstakar-organisasjonane, opplæringsplanlegging, råd og rettleiing overfor linjeleinga.
Servicekontoret	Sentralbord, post/arkiv, interntenester, sekretariatsfunksjon for FSK, KST, Eldreråd og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, administrasjon av valssystem, heimeside, forvaltning av skjenkeløyve, støttefunksjon for familie og helse, administrasjon av leasingbilar m.v.
Administrasjonsbygg	Drift av rådhuset
Andre religiøse føremål	Driftstilskot til religiøse organisasjonar
IKT	Drift av fellessystem, kostnader til drift av interkommunale løysingar, programvarelisensar, telefon- og datakommunikasjon, lokale installasjonar m.v.
Reiseliv	Turistinformasjon, marknadsføring
Rekruttering	Drift av kommunen sin rekrutteringsfunksjon
Beredskap	Beredskapskoordinator, brannvernleiar, øvingar m.v.
Næring	Etablerarretteiing, sakshandsaming, sekretariatsfunksjon BNR.

ØKONOMI 2022

Sentraladministrasjonen samla hadde i 2022 eit mindreforbruk på omlag 0,2 millionar kroner.

Utvikling i driftsutgifter til administrasjon, styring og fellesutgifter pr. innbyggjar:

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Adm, styring og fellesutgifter (B)



	2019	2020	2021	2022
Bremanger	8 068	7 495	8 460	9 686
Høyanger	9 918	9 702	10 858	11 354
Fjaler	8 022	7 398	7 845	8 791
Luster	6 228	6 717	8 218	7 306
Kostragruppe 05	7 897	7 916	8 551	8 270
Landet uten Oslo	5 342	5 142	5 555	5 581

SÆRSKILDE UTFORDRINGAR I 2022

Administrasjonen i Bremanger er svært operativ. Vi har gjennomført reduksjonar dei seinare åra og bemanninga er på fleire område lita og sårbar i høve sjukdom og fråvær. Vi greier å handtere situasjonen, m.a. ved å ta i bruk fleire digitale løysingar. Å få full effekt av slike omleggingar tek alltid noko tid, og i mellomfasen vert det ekstra «trykk» på organisasjonen. Etter kvart som vi får teke ut effektane ser vi at organisasjonen er i stand til å løyse oppgåvene på ei god måte. Samstundes er det fare for at vi blir for sårbare innan einskilte fagområde. Dette krev stor grad av tverrfagleg samarbeid.

I høve oppfølging på arbeidsgjevarområdet er det ei utfordring at vi ikkje har dedikerte ressursar til dette. Dette vert prioritert i 2023.

PRIORITERINGAR FRAMOVER

For å sikre kommunedirektøren sitt tilsyn med den kommunale verksemda, jf. krava til internkontroll i den nye kommunelova, har vi gjennomfører vi no ein prosess som skal sikre at internkontrollarbeidet vert implementert i heile organisasjonen, m.a. er krava til rapportering frå driftseiningane endra slik at internkontrollen i større endå større grad skal inngå som ein del av dagleg drift. Temaet er og jamleg på

dagsorden i driftssjefssamlingane og krava til kvalitetsmøte på einingane er bidreg tilheverde kvaliteten på arbeidet.


Sårbarheit i høve fråvær og ferieavvikling i stabsfunksjonane vil krevje endå betre bruk av personalressursane på tvers av avdelingane og ein har starta eit eige prosjekt for å vurdere «sentralisering/samordning» av støtte- og stabsfunksjonane. Dette skal og bidra til lik praksis i heile verksemda og gjere stillingane meir attraktive ved nyrekruttering. Det er og ein ambisjon i prosjektet å avlaste driftssjefane slik at det vert meir tid til leiing.

KYRKJA


Kyrkja får årleg eit beløp overført eit beløp til drift frå kommunen. I 2022 var dette 4,5 millionar kroner.

Kyrkja har ved fleire høve uttrykt behov for større rammer både til drift og vedlikehald av kyrkjebygga, samt utviding av gravplassane.

Oversikta under syner at Bremanger som dei samanliknbare kommunane i Kostragruppe-05 brukar relativt mykje ressursar til drift av kyrkja. Dette heng saman med dei mange kyrkjebygga og gravplassane i kommunen.




Figuren under viser utvikling av medlemmer i Den norske kirke i prosent av tal innbyggjarar:



SAMFUNN OG UTVIKLING

KORT PRESENTASJON AV TENESTEMENY



NAV

Det er per i dag 3,5 kommunale årsverk i det lokale NAV-kontoret. Tilsette utfører både kommunale og statlege oppgåver uavhengig av tilsetjingsforhold.

I tal sossalsaker ser ein ei auke i saker frå 2021 og vi har i gjennomsnitt ytt meir i stønad per søknad i 2022. Gjeldssaker blir meir omfattande og ein ser eit auke i saker som blir vist vidare til namsmann for vurdering av gjeldsordning. På husbankordningane brukar NAV kontoret om lag 15 prosent av ressursane. Tal startlåns saker er ca. likt som året før men vi ser eit auke i spørsmål knytt til om ein kan ha rett på startlån.

Bremanger kommune har i 2022 tatt imot 24 flyktningar på grunn av krigen i Ukraina. Kommunen har sagt ja til ytterlegare 20 i 2023. Målet er at denne gruppa skal bli integrert i samfunnet og vi har behov for godt samarbeid med bedrifter slik at vi kan hjelpe denne gruppa ut i arbeidslivet. Arbeidsoppgåvene i form av registrering, mottak, planlegging, oppfølging og klargjering av bustader har vore utført med til dels korte fristar. Tverrfagleg fokus og godt samarbeid gjer at vi har løyst dette på ein god måte.

I oktober 2022 sa kommunestyre ja til vertskommunesamarbeid med Gloppen, Stad og Stryn. Føremålet med samarbeidet er å etablere ein regional organisasjonsstruktur med større fagmiljø som skal sikre innbyggjarane og verksemdene sine behov for NAV-tenester. Samarbeidet skal bidra til heilskap, stabilitet, god og brei kompetanse, habilitet og rettstryggleik i tenestetilbodet.

Namnet på det felles NAV-kontoret skal vere NAV Nordfjord. NAV Nordfjord skal ha ein desentralisert struktur. Det betyr å ha kontor som er opne og tilgjengeleg for brukarane, samarbeidspartane og for

ålmenta i alle kommunane. Stad kommune vert vertskommune og vil ha ansvaret for følgjande kommunale tenester, regulert i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga:

- Opplysning, råd og rettleiing, under dette også økonomisk rådgjeving (§ 17)
- Økonomisk stønad (§§ 18 og 19)
- Mellombels butilbod (§ 27)
- Individuell plan (§§ 28 og 33)
- Kvalifiseringsprogrammet (§ 29)

NAV ynskjer framover eit enda tettare samarbeid med arbeidslivet og fylkeskommunen for å få utnytta arbeidskrafta og få kvalifisert etterspurt arbeidskraft. Vi skal prioritere unge under 30 år, langtidsledige, innvandrarar frå land utanfor EØS og personar med nedsett arbeidsevne for arbeidsretta bistand.

PLAN OG FORVALTNING

Plan og forvaltning omfattar fagområda plan, kart og byggjesak, landbruk og naturforvaltning.

Tenestene vi leverer:

- Handsaming av byggjesøknader, reguleringsplanar, konsesjonssøknader, kart- og delingsforretningar.
- Arealplanlegging
- Rådgjeving/tilskotsforvaltning innan landbruk og viltforvaltning.
- Kommunen sine plikter etter ureiningslova
- Diverse prosjektarbeid og planlegging/grunnforhandlingar i samband med utbyggingsprosjekt.

Plan og forvaltning hadde i 2021 totalt 5,8 årsverk, fordelt slik:

Administrasjon	1,0 årsverk
Arealplan	0,8 årsverk
Byggjesak	1,3 årsverk
Oppmåling	1,7 årsverk
Landbruk, vilt og naturforvaltning	1,0 årsverk

I tillegg til oppgjevne årsverk kjøper vi landbrukstenester frå Norsk landbruksrådgiving (om lag 0,5 årsverk). Eitt årsverk til administrasjon er misvisande, sidan leiar plan og forvaltning i stor grad driv sakshandsaming innan dei ulike fagområda. Riktig fordeling ville vere maks 0,1 årsverk til administrasjon og resten fordelt på byggjesak, plan, landbruk og forureiningssaker/naturforvaltning.

Driftseininga omfattar fleire mindre fagområde, og vi har lite personalressursar innanfor kvart av desse. Dette gjer at vi er sårbare ved eventuell vakanse.

Mellom byggjesak, plan og kart/oppmåling er det ei viss grad av overlapping, medan deler av landbruksområdet og viltforvaltning er meir på sida. Vi må difor prioritere arbeidet med internkontroll og utvikling av rutinar for dei mest tidskritiske arbeidsoppgåvene, slik at andre i større grad kan ta over kritiske oppgåver ved fråvær. Vi jobbar også med å få på plass samarbeidsløysingar med

nabokommunane for å sikre dette. Det er sett i gong eit samarbeid på utarbeiding av internkontroll m.a. med Stad/Gloppen, Kinn, Gaular og Sunnfjord.

Arbeidet med arealdelen til kommuneplanen har kravd store ressursar i 2022, og på grunn av tidsfristar og anna behov for fortløpande sakshandsaming har ein ikkje fått ferdigstilt dette arbeidet som planlagt.

Vi har fått gjennomført steg 1 og 2 i arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer i 2023, og dette arbeidet skal fullførast i 2023.

Innføring av nye digitale løysingar, som t.d. arealplaner.no, vil vere med å gje meir effektive og betre tenester til innbyggjarane, men i innføringsfasen vil det krevje ein del meirarbeid for eininga.

Kapasitet til å fylgje opp saker knytt til forsøpling og ureining har vore eit problem, likeins å fylgje opp ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova. Dette er oppgåver som bør prioriterast framover.

Eigne kommunale saker, knytt til kjøp og sal av eigedom, er også eit område som krev mykje ressursar. Det er også eit etterslep knytt til eldre saker (avtaler som ikkje er fullførte), som må prioriterast framover.

KOMMUNAL TEKNIKK

Kommunalteknikk omfattar fagområda bygg, VAR (veg og anlegg), reinhald, hamn samt brann og redning.

Det har vore gjort nokre endringar innanfor driftseininga i 2022.

- Frå 01.01.2022 fekk vi inn ny fagleiar på VAR (veg og anlegg). Dette for å få eit spissa fokus på desse fagområda.
- På hjelpemiddel vart det tilsett ein ressurs i 100% stilling i staden for å ha denne stillinga delt på fleire ressursar.
- Vi har flytta ein ressurs frå anlegg til byggdrift for å styrke denne.
- Vi søkte etter ny ressurs på anleggssida, men har ikkje fått tilsett nokon der endå. Denne ressursen blir å søkje vidare etter i 2023.
- Vi har gjennom 2022 kjøpt meir tenester frå entreprenørar i høve anleggssida. Innan elektro har vi kjøpt fleire tenester frå elektroentreprenørar. Vi har inngått fleire serviceavtaler på teknisk side både på bygg og på vatn.

Vi har gjennom året 2022 fått betre kontroll på vassverka våre, fjerna ein del lekkasjar og fått oversikt over kva som bør prioriterast framover. Vi har fått lukka ein del «gamle saker» og vi har fått utført mykje planleggingsarbeid for prosjekt som blir gjennomført gjennom 2023.

BYGG

På byggsida har vi fokusert på å få på plass nye naudsynte serviceavtarar, samt følgje opp eksisterande avtaler, for å ha periodisk, regelmessig vedlikehald av tekniske anlegg være seg elektro, brann, nødlis, ventilasjon, varme og røyr. Vidare har ein arbeidd med system, dokumentasjon og rutinar for å følgje opp og ivareta myndigheitskrav på bygga våre. Det har elles vore jobba med å tette lekkasjar på bygg og pusse opp/vedlikehalde kommunale bustadar. Vi har inngått avtale ekstern leverandør m.o.t. oppdatering av brannkonsept på særskilte brannobjekt.

Vi har skifta golv i Svelgen Idrettshus, fått skifta kjøøl og frys ved Bremanger sjukeheim, fått tetta lekkasje i Bremangerhallen og gjennomført ei rekke mindre rehabiliteringsprosjekt på div. kommunale bygg.

VAR

På VAR området har vi nytta mykje tid til å «rydde opp» i gamle saker og få desse ut av verden. Vi har oppdatert dokumentasjon og sett fokus på planlegging og strukturering av naudsynt vedlikehald. Det er som nemnt tidlegare store etterslep i høve vedlikehald innan VAR området, det oppstår uføresette saker som gjer at vi ofte må omprioritere bruk av tildelte midlar for å halde oss innanfor dei økonomiske rammene. Som igjen fører til at vi må «skyve» på planlagde prosjekt.

Elles har det vore gjennomført prosjekt som tilrettelegging av bustadfeltet i Ålfoten, fiberutbygging, gjennomført trafikktryggingsprosjekt, og fått skifta ut kommunal infrastruktur i samband med etablering av gang og sykkelsti frå Breivika til Svelgen. I tillegg hav vi innanfor vatn- og avlaup arbeid med ei rekke prosjekt: Sandevegen i Svelgen, Holmebakkane i Kalvåg, Davik vassverk, Bråtane vassverk i Ålfoten, kulvert ved Svelgen oppvekst og tilknytning til Torvanger- og Igland vassverk til kommunalt vatn.

BRANN

Vi har fått på plass ny brannbil i Svelgen innan brann og redning og arbeidet med ny brannstasjon i Svelgen er omsider starta.

REKNESKAP – KOMMENTARAR I HØVE AVVIK

Samla sett har sektoren eit «mindreforbruk» på 2,5 millionar kroner i høve justert budsjett:



NAV

I høve driftsutgifter er det kjøp av tenester som vart høgare enn budsjettert, dette heng saman med mottak av flyktningar frå Ukraina. På inntektsida er refusjon frå staten noko mindre enn budsjettert.

PLAN OG FORVALTNING

Mindreforbruket på løn skuldast i stor grad at ein del av løna til leiar og til arealplanleggjar er ført på prosjektet kommuneplan. Vidare er inntekter frå festeavgift er høgare enn budsjettert, på grunn av etterslep på fakturering dei siste tre åra.

Elles har vi mindre driftsutgifter enn budsjettert, noko som m.a. skuldast at vi ikkje har hatt kapasitet til å få teke planlagt kurs/opplæring, og at planlagt innkjøp av ny programvare/kartløyningar ikkje vart effektuert i 2022. Dette kjem først i 2023.

KOMMUNAL TEKNIKK

Avviket skuldast i hovudsak at vi kom også gunstig ut i høve prisane på straum.

PRIORITERINGAR FRAMOVER


Utifrå tilbakemeldingane i modenheitsanalysane for einingane må vi ha endå meir fokus på overordna ROS, prosedyrar og internkontroll heile vegen frå stillingsutlysing, til stillingsbeskriving, opplæring og dagleg drift. Og gjennom eigenkontroll passe på at regelverk og prosedyrar som vi skal forvalte blir fulgt opp og dokumentert.

Sjukefråværet blant reinhaldarane er alt for høgt. Dette skuldast i stor grad fysisk belastning. Vi vurderer innkjøp av maskiner/hjelpemiddel som kan bidra til redusert belastning på denne gruppa.

Elles bør rammene til drift og vedlikehald av bygg og anlegg aukast opp for å kunne arbeide meir planlagt og strukturert og unngå dei dei mange akuttsituasjonane som oppstår som følgje av tidlegare nedprioritering av området.

OPPVEKST, KULTUR OG FRITID

KORT PRESENTASJON AV TENESTEMENY



F.o.m. 01.01.22 vart Kultur og fritid organisert under oppvekst, nytt namn på sektoren vart Oppvekst, kultur og fritid. Det vart tilsett driftssjef for kultur og fritid i 100 % stilling.

Kjerneproduksjonen for sektoren i 2022 var tenester til skuleelevar, barn i barnehage, elevar i kulturskulen, bibliotekteneste og utlån på Bua.

I tillegg til dette er sektoren ansvarleg for fosterheimplasserte barn i andre kommunar.

MERKNAD TIL TENESTEMENYEN:

Bremanger kommune har ikkje lenger eiga vaksenopplæring. For dei det gjeld, kjøper vi tenester frå Kinn og Stad kommunar.


Hausten 2022 vart det likevel oppretta norskopplæring for flyktningar frå Ukraina.

TAL BRUKARAR – OG UTVIKLING


Eining:	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Skuleelevar	460	442	420	381	369	353
Barnehagebarn	136	127	121	121	138	146
Kulturskule-plassar	191	213	162	149	149	167

Tal skuleelevar har hatt ein liten nedgang frå i fjor på 4,4 %. Tal barnehagebarn har hatt ein auke på 5,5 %.

På einingane fordeler det seg slik:



Tal barn i barnehage har auka og fordeler seg på einingane som vist under:



Som nemnt over ser vi ei auke i tal barn i barnehagane. Dette er særst positivt, då det i neste omgang kan gje oss ei auke i tal elevar i skulen. Årsaka til auken er først og fremst tilflytting.

ORGANISERING


I tillegg til kommunalsjef er det på kontoret sentralt Utviklingskoordinator i 100 %.

PPT hadde ved inngangen av 2022 to heile stillingar; ein logoped (tilsett som spesialpedagog) og ein spesialpedagog. Vi har ikkje psykolog tilsett i PPT.

Skular og barnehagar er organiserte i oppveksteiningar med ein driftssjef som er leiar for både skule og barnehage. Under driftssjefen er der fagleiarar i skule og barnehage. Årsverka speglar i hovudsak elevtal og barnetal, samtidig som ein reduksjon i barnetalet ikkje får konsekvensar før det eventuelt vert færre klassetrinn.

Årsverk undervisningspersonale/pedagogisk personale i skule og barnehage over dei siste fem åra.

År:	2018	2019	2020	2021	2022
Skule	58,07	57,22	58,10	58,26	57,70
Barnehage	45,30	47,54	46,98	49,74	52,05
Kultur og fritid					10,32
Totalt:	103,37	104,76	105,08	108,00	120,07



SFO

År:	2018	2019	2020	2021	2022
Tal barn	98	98	70	77	78

Barn som nyttar SFO er registrert gjennom GSI-innsamlinga i september. Dette er ofte eit usikkert tal, då talet ofte aukar utover hausten. Nedgangen i tal speglar likevel synkende elevtal i skulen.

PPT

Nye tilvisingar til PPT varierer frå år til år, og har dei seks siste åra hatt slik utvikling:

År:	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal tilvisingar:	36	25	30	36	37	24


Aktive saker i PPT er pr. 31.12.22, 71 personsaker.

Hovudvanskane i tilvisingane er lese- og skrivevanskar, språkvanskar og tale-/artikulasjonsvanskar. Vi ser at vi no har ein auke i saker som omhandlar åtferd, skulefråver og sosialspekter. Saker med skulefråver og sosialspekteret er krevjande både i høve tid og ressursar. PPT har framleis saker med meir omfattande problematikk i høve til m.a. sanse- og hørsle, forsinka utvikling og utviklingsforstyringar. I tillegg ser det ut til at Bremanger kommune har fleire barn med sjeldne syndrom enn det som er forventa ut frå folketal. Desse sakene krev mykje ressursar, både frå PPT og eksterne instansar.

PPT Bremanger deltek også i kommunen sitt satsingsområde innan IBOS, og er deltakar og leiar av Det tverrfaglege møte. I tillegg er leiar av PPT deltakar i innsatsteamet mot mobbing. Vi har også faste utedagar på dei ulike driftseiningane kvar 6. veke. Målet med utedagane er tidleg innsats der vi kan gje råd og rettleiing til skule og barnehagar, og proaktivt arbeide med å førebygge skeivutvikling. PPT får gode tilbakemeldingar på at vi er lett å komme i kontakt med, er fleksible og kjem raskt i gang. Det er lav terskel for å ta kontakt med oss.

PPT har pr. 31.12.22 to tilsette med master i spesialpedagogikk i 100% stilling kvar. Ein har fordjuping i logopedi, og den andre har fordjuping i spesialpedagogisk rådgjeving. Deler av tida til logopeden vert no brukt til direkte arbeid med barn og elevar med taleflyt-, språk- og uttalevanskar.

REKNESKAP – KOMMENTARAR I HØVE AVVIK



Oppvekst hadde i 2022 ei totalramme på kr. 97 042 487 ved inngangen av året. Våren 2022 etter budsjettjustering var totalramma på kr. 104 030 000,- Rekneskapen viser eit totalforbruk på kr. 104 761 522,- eit overforbruk på kr. 731 522,-.

Hovudårsak til overforbruket er tenester frå andre kommunar, samt høgt sjukefråvere i nokre einingar.

UTVIKLING

Frå 01.01.2022 vart kultur og fritid ein del av oppvekst, og sektoren heiter no oppvekst, kultur og fritid. Kultur og fritid har fått eigen driftssjef i 100 % stilling.

For kjerneoppgåvene i skule og barnehage er der ikkje gjort organisatoriske endringar i 2022.

Vaksenopplæringa er fysisk lagt ned i Bremanger kommune, men vi kjøper tenester til dei med rett og plikt i kommunane rundt oss. Då krigen braut ut i Ukraina februar 2022 og Bremanger tok i mot Ukrainske flyktningar, vart det oppretta norskopplæring spesifikt for desse i Svelgen.

Alle oppvekstsentera i Bremanger kommune jobbar etter PALS-modellen, og gjennom den nasjonale satsinga Inkluderande skule- og barnehagemiljø, har denne fått ei revitalisering. Kommunen har òg PMTO som tilbod til føresette. PALS og PMTO utgjør ein heilskapleg innsats for å fremje barnet sin skulefaglege og sosiale kompetanse, førebyggje og avhjelpe åtferdsproblem. PALS er grunnpilaren i alt arbeidet vi gjer.

Vi hadde i 2022 utdanna tre PMTO foreldrerettleiarar, derav den eine i løpet av året fekk arbeid i en annan kommune. Foreldrerettleiarane er eit viktig bidrag i det førebyggjande arbeidet.

Temaplan – barn og unge vart vedteken i juni 2022 og vidare vart det laga implementerings-plan for denne. Planen er tverr-sektoriell og stettar kravet til den nye barneverns-/oppvekstreforma. Implementerings-arbeidet er godt i gang i alle sektorar.

DELTAKING I UTVIKLINGSPROSJEKT:

Bremanger kommune har sidan august 2019 deltatt i Utdanningsdirektoratet si nasjonale kompetanseutvikling *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, IBOS.

Prosjektet har som mål *å styrke barnehagane, skulane og eigar sin kapasitet til å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø, og førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Målet er å styrke både regelverkskompetansen og den pedagogiske kompetansen til barnehagar, skular, eigar og barnehagemynde, samt kompetanse i å drive kvalitetsutvikling lokalt.*

Overordna mål er å vidareutvikle god praksis innan arbeidet med trygt og godt barnehage- og skulemiljø:

- Utvikle og oppretthalde gode og trygge barnehage-/skulemiljø, der alle barn og unge trivst og opplever tilhøyrslø (universell innsats)
- Førebyggje mobbing og andre krenkingar (sekundær/selektert - tidleg innsats for barn og unge med behov for det)
- Avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar (tertiær/indikert - ekstra tilrettelegging – intensiv innsats)
- Organisasjon og leiding, generell regelverkskompetanse og tverrfagleg samarbeid.

Inkluderande skule- og barnehagemiljø vert vidareført inn i 2023.

KOMMUNALT FAU

I 2021 oppretta vi kommunalt FAU, der to representantar frå kvart oppvekstsenter er representerte. Målet er å få til eit godt samarbeid mellom administrasjon og foreldregruppa, få alle FAUa til å jobbe nokonlunde likt og godt på alle oppvekstsentera, samt at foreldra har eit felles uttaleorgan inn mot politikarane.

MÅLOPPNÅING

TIDLEG INNSATS

Gjennom godt samarbeid med andre instansar i kommunen er vi på god veg til å få til målretta arbeid med Tidleg innsats. Desse tiltaka er i gang:

- Temaplan – barn og unge
- Det tverrfaglege møtet
- Systemretta arbeid gjennom PPT inn mot helsestasjonen
- Utdanna PMTO-terapeut representert frå helse og omsorgssektoren
- Fire foreldrerettleiarar har gjennomført kurs, representert frå Oppvekst og Helse og omsorg
- Samordna kurs, konferansar, og anna opplæring internt og eksternt
- IBOS, Inkluderande barnehage og skulemiljø held fram

KOMPETANSEHEVING I SKULEN

Strategien for å auke kompetansen for lærarane i grunnskulen, Lærarløftet, set klare kompetansemål for undervisning i grunnskulen og frå sentralt hald er det kome nye krav om relevant kompetanse for å undervise i fag (Udir-3-2015). I 2022 hadde vi tre lærarar på studie for etter- og vidareutdanning gjennom den sentrale ordninga.

KOMPETANSEHEVING I BARNEHAGEN

I begge dei nasjonale satsingane/strategiane «Kvalitet i barnehagen» og «Kompetanse for framtidens barnehage» vert det lagt føringar for auka kvalitet i barnehagen. Hovudmålsettinga er å auke talet på barnehagelærarar og fagarbeidarar i barnehagen, og redusere tal assistentar (ufaglærte).

ELEVUNDERSØKINGA 2022

Det er ikkje tilgjengelege analysedata enno for gjennomføring av undersøkinga i haust, så desse resultatane har vi ikkje enno. Så snart dette er klart, kan det leggjast fram for kommunestyret.

NASJONALE PRØVER 5. KLASSE

Nasjonale prøver i 5. klasse opererer med tre meistringsnivå, der 1 er det dårlegaste og 3 er det beste (sjå vedlegg).

Både i lesing, engelsk og rekning gjer årets 5. klasse det jamt over veldig godt og vi ligg over snittet i høve både landet og fylket i alle dei tre indikatorene. Frå 2015 og fram til 2022, ser vi ei jamn stigning i resultatane når det gjeld lesing. I rekning har vi lagt jamt høgt, og gjer det framleis. I engelsk ser vi også ei jamn stigande kurve.

NASJONALE PRØVER 8. KLASSE

Nasjonale prøver i 8. og 9. klasse opererer med fem mestringsnivå, der 1 er det dålegaste og 5 er det beste (sjå vedlegg).

Årets 8. klasse gjer det best i rekning, men det er likevel ein nedgang i høve tidlegare år. Samtidig ligg dei likt med landssnittet. I lesing og engelsk ligg dei også omtrent på snittet. Kurva dei siste åra er ganske jamn.

NASJONALE PRØVER 9. KLASSE

I både lesing og rekning ligg vi over både fylkes- og landssnittet. I rekning gjer vi det betre enn fylket, sjølv om det er ein liten nedgang frå i fjor.

OPPFØLGING AV NASJONALE PRØVER

I høve analyse og oppfølging av resultata på nasjonale prøver følgjer vi faste rutinar for å få til ei systematisk oppfølging. Resultata vil alltid variere frå kull til kull, medan det for oss er meir interessant å følgje same kullet over tid å for å sjå om dei tiltaka ein eventuelt har sett inn har effekt. Kommunen vil på denne måten sikre seg at dei resultata som kjem fram, vert brukt til å utvikle/forbetre praksis slik at det kjem elevane til gode og læringsresultata blir betre.

SÆRSKILTE UTFORDRINGAR I 2022


Sjølv om koronapandemien ikkje har prega den vanlege skule- og barnehagekvardagen i 2022, vart både munnleg og skriftleg eksamen avlyst. I periodar har også pandemien ført til auka fråvere for tilsette.

PRIORITERINGAR FRAMOVER

Utfordringar/prioriteringar	Tiltak
Arbeid med trygt og godt barnehage- og skulemiljø må ha høg prioritert. Halde fram med IBOS-satsinga.	Kompetanseheving, førebygging og tidleg innsats. Utvikle kommunalt ressursteam.
Kompetanseheving i høve psykiske lidningar og psykisk uhelse hos barn og elevar	Kurs og rettleiing for tilsette på tvers av sektorane
Få til «Open skule» på dei tre største oppveksteiningane	Lyse ut ei 100 % stilling og gjere den attraktiv.
Samarbeid mellom heim og skule/barnehage	Betre samarbeidet mellom heim og skule/barnehage – bygge gode relasjonar i fredstid
Godt samarbeid med FAU, der det kommunale FAUet vert ein samlande pådrivar.	Betre samarbeidet med FAU lokalt og sentralt
Rekruttere rett og nok kompetanse i barnehage og skule	Lyse ut etter faglærte, legge til rette for at fleire tek utdanning.
Kompetanseheving for lærarar, jf. nye kompetansekrav	Legge til rette for vidareutdanning av prioriterte fag gjennom statleg ordning
Minoritetsspråklege i barnehage og skule.	Ressursar, samt tidleg og god oppfølging av barna.
Samansette og komplekse vanskar i skule og barnehage	Ressursar, rådgjeving, tett oppfølging, kurs og kompetanse
Tidleg innsats i barnehagane	Fange opp barns utfordringar og setje inn tiltak så fort råd.

Redusere tilmeldingar til PPT	Tidleg innsats gjennom samarbeid med andre etatar samt meir utprøving og tilpassa opplæring før tilmelding
Nok digital kompetanse i skule og barnehage i den raske utviklinga som vi ser der i dag.	Ressursar, legge til rette for rett utstyr og kompetanseheving.

HELSE OG OMSORG



Kjerneproduksjon:

AKTIV JOBB

Tilrettelagt aktivitet for menneske som av ulike årsaker ikkje kan delta i ordinært arbeid. I Aktiv Jobb er aktivitetane lagt til rette for at brukarane skal meistre ulike oppgåver.

FELLES HELSE OG OMSORG

Handsamar søknader om pleie og omsorgstenester og legg fram saker til avgjer for tildelingsnemnda. Ein av sakshandsamarane er også leiar for koordinerande eining i kommunen, medan den andre koordinerer pleie- og omsorgstenester. Utviklingskoordinator er også organisert i teamet.

BREMANGER SJUKEHEIM

Yt helse og omsorgstenester til personar som har korttids -og langtids plass i sjukeheim. Vi har også tilbod om heildøgnsstenester til bebuarar i omsorgsbustader i bygninga. Der er eige produksjonskjøkken og vaskeri på Bremanger sjukeheim.

FAMILIE OG HELSE

Yt tenester innan barnevern, helsestasjon, psykisk helsearbeid, ergoterapi, fysioterapi, fastlegeteneste og legevakt. Kommunen har driftsavtaler med 4 fastlegar og 4 fysioterapeutar som driv eigne næringsverksemdar, og skal levere årsmeldingar til kommunen. Det er oppretta 2 samarbeidsutval: Eit mellom kommunen og fastlegane og eit mellom kommunen og fysioterapeutane.

OPEN OMSORG, YTRE

Yt heimebaserte tenester som helsehjelp i heimen, praktisk bistand, tryggleiksalarm, matproduksjon – og ombringing, støtte/treningskontakt, brukarstyrt personleg assistanse og tilsyn. Bustader og tenester til menneske med nedsette funksjonsevne (TFF) er organisert under open omsorg. OØY driftar tenester til personar i omsorgsbustader med felles personalbase for eldre i tillegg til TFF.

OPEN OMSORG, INDRE

Produserer same tenester i området indre som Open omsorg ytre. I tillegg er Svelgen omsorgssenter med institusjonsopphold og omsorgsbustader organisert i denne eininga. OØI driftar tenester til personar i omsorgsbustader frå personalbase i Davik og i TFF.

KOORDINERANDE EINING

Eininga er tverrsektoriell og fleirfagleg samansett og møter vert halde etter oppsett plan. Det vart halde mellom 6 og 7 møter pr. år. Bremanger kommune nyttar nettbasert individuell plan – Sampro. Det vert organisert to arbeidsdagar årleg der koordinatorane kan møte og arbeide med planane dei har ansvar for og samstundes få opplæring av våre opplæringsansvarlege. Vi arbeider med mål om at deltakarar skal bruke planane i Sampro aktivt.

FYSIOTERAPI

Bremanger kommune har driftsavtaler med fire fysioterapeutar som driv tilbodet som private verksemdar. Ein driv i Davik, ein i Svelgen og to på Hauge. Det er oppretta samarbeidsutval mellom dei fire fysioterapeutane og Bremanger kommune. I tillegg til kurativt arbeid deltek også fysioterapeutane i utviklingsarbeid som kompetanseheving og nokre av dei har studentar i praksis.

Til saman har fysioterapeutane mellom anna slik vidareutdanning: Manuell lymfebehandling, arbeidsplasstilpassing, Sherborne Developmental System, psykomotorisk behandling o.a

Fysioterapeutane utfører sitt virke hovudsakleg på sine institutt men tilbyr også heimebehandling, arbeid på institusjonane, i helsestasjonen, i skule og i barnehage. Fysioterapeutar deltek i nokre ansvarsgrupper. Dei behandlar pasientar i alle aldersgrupper der personar i alderen 19-67 år utgjør hovuddelen. Sjukmelde og nyopererte pasientar vert prioritert. Med fire driftsavtalar har Bremanger kommune god kapasitet i tenesta.

Nokre av fysioterapeutane arbeider med pasientar i grupper.

FASTLEGE OG LEGEVAKT:

Kommunen har fire fastlegar, der to er på Hauge og to er i Svelgen. Fastlegane i Bremanger har til saman vel 3 000 pasientar på sine lister. Kommunale legetenester, tilsynslegar på sjukeheimane og legetenester i helsestasjonen vert utført ved kjøp av tenester frå fastlegane. I tillegg vert det kjøpt tilsynslegeteneste frå ein ekstern lege.

Drift av legevakt er kommunen sitt ansvar og frå mai 2022 inngjekk kommunen avtale om kjøp av legevakttenester utanom kontortid og på helg av Kinn kommune. Dette betyr at etter kontortid og i helgane er legevakta vår lokalisert i Florø. I tillegg har vi legevaktsatelitten i Svelgen som yter tenester på seinvakt og natt i vekene og heile døgnet i helgane. Legevaktsatelitten hadde 173 pasientar i 2022. Samarbeidet mellom legevaktsatelitten og legevakta i Florø fungerer svært godt. Vi har derimot hatt

visse utfordringar på daglegevakt då denne alternerer mellom legekantoret i Svelgen og legekantoret på Hauge.

Ein føresetnad for legevaktsamarbeidet med Kinn er at Bremanger bidreg med lege i legevakta utanom kontortid. Arbeidet med rekrutter den femte legen må såleis prioriterast høgt.

FOLKEHELSEAVDELINGA


Bremanger kommune deltek i interkommunalt samarbeid i folkehelseavdelinga i Florø med Kinn som vertskommune. Kjerneaktiviteten er saker innan miljøretta helsevern, samarbeid om folkehelseoversikt med meir.

ANDRE SAMARBEID (IKKJE UTTØMMANDE):

Bremanger kommune deltek i samarbeid om, overgrepsmottak, krisesenter for menn og kvinner, samarbeid om data – driftssenter og programvare, digitale løysingar og velferdsteknologi, alarmsentral/responscenter, øyeblikkeleg hjelp døgn (ØHD), legevaktsentral og naudmeldeteneste.

REKNESKAP – KOMMENTARAR I HØVE AVVIK

Sektoren har eit samla forbruk på om lag 181,2 millionar kroner i 2022. Dette er eit meirforbruk på vel 1,8 millionar kroner i høve justert budsjett:



BREMANGER SJUKEHEIM

Driftseininga har eit mindreforbruk i høve justert budsjett på 1,9 millionar kroner i høve justert budsjett.

Årsaka er hovudsakleg overføring av ressurskrevjande brukar frå Svelgen til BS og tilhøyrande statleg tilskot (inntekt). Elles har ein også ved den institusjonen måtte leige inn frå vikarbyrå for å dekke vikarbehovet som m.a. skuldast høgt sjukefråvær (langtidsfråvær).

OPEN OMSORG, INDRE

Driftseininga har eit samla meirforbruk på knappe 3 millionar kroner i høve justert budsjett. Mesteparten av overforbruket skuldast overtid, forskyve arbeidstid samt innleige av vikar og utgifter i samband med desse, t.d. bu-utgifter. (Det er eit misforhold på innleige av helsepersonell og «overskotet» på fastlønna). M.a. krev utviding av opningstida på legevaktpiloten frå mai (frå kl. 16.00-08.00 til opning heile døgnet) store ressursar (sjukepleiar). Legevaktsatellitten er spanande og fagleg utfordrande, men og svært ressurskrevjande.

Andre utgiftspostar med eit meirforbruk:

- Spesielle pasientutgifter (lege, drosjeutgifter til sjukehus)
- Inventar og utstyr (reperasjonar, servicar av utstyr. Innkjøp av sengar m.m.)
- Naudsynte innkjøp samband med flytting frå Haugane til Hamretunet.
- Leasingkostnadar, «Mat på hjul»

OPEN OMSORG, YTRE

Driftseininga har eit meirforbruk på om lag 0,9 millionar kroner i høve justert budsjett

Hovudårsaker til avviket:

- Forbruk av vikar/vikarbyrå og bruk av overtid ved Hogslia. Høgt sjukefråvær og lite tilgang på personell.
- Personleg assistent. Nytt vedtak fatta der det justerte budsjettet ikkje har teke høgde alle timane som er innvilga.

FAMILIE OG HELSE

Driftseininga har eit mindreforbruk i høve budsjett på vel 0,8 millionar kroner. Dette skuldast i stor grad større overføringer frå staten til rusarbeid enn budsjetttert og mindre overføringer til andre kommunar enn budsjetttert.

FELLES HELSE OG OMSORG

Driftseininga har eit meirforbruk i høve justert budsjett på knapt 0,8 millionar kroner.-

Avviket skuldast høgare utgifter til Alarmsentralen og kjøp av tenester frå andre kommunar (Stad, Kinn), samt mindre innbetalte brukarbetalingar enn budsjetttert.

MÅLOPPNÅING:

Overordna mål: **Rett teneste til rett tid!**

Det har vore arbeidd med ulike utviklingstiltak i 2022 som skal bidra til å nå det overordna målet, mellom anna:

- Vi fekk tildelt kr.1.058.000,-i kompetansemidlar (Kompetanse- og innovasjonstilskot) frå Statsforvaltaren, som vert fordelt til tilsette innan helse- og omsorg. Midlane, saman med kommunalt stipend, vart nytta til vidareutdanning av fagpersonell, til grunnutdanning for assistentar som tek fagbrev, fagskule, brukarstyrt personleg assistent, vidareutdanning innan helsefag og leiaropplæring/-utdanning.

- Saman med tillitsvalde arbeidd med arbeidstidsordningane.
- Vi deltek i ulike utviklingsprosjekt interkommunalt: Både i nettverk i Nordfjord, Sunnfjord og i Sogn og Fjordane.
- Det har vore gjennomført mykje internundervisning i pleie- og omsorg i laupet av året
- Vi har halde fram med å ta i bruk velferdsteknologi knytt til tenestene, jf. investeringsbudsjettet for 2022. Deltek i nasjonale og regionale prosjekt (DigiVestland)
- Arbeidet med innføring av nytt sjuke-signalanlegg på Bremanger sjukeheim vart ferdigstilt i 2022.
- Implementering av velferdsteknologi og tilrettelegging hjå heimebuande brukarar har kravd auka ressursar i ergoterapitenesta.
- I april 2022 flytta bebuarane på Haugane i Svelgen inn i nye leilegheiter på Hamretunet.
- Arbeidet med å etablere nytt aktivitetshus på Hauge er i slutfasen. Innflytting er planlagt i første kvartal 2023.
- «Mat på hjul» vart starta i ytre Bremanger i mai. Er i god drift og har godt samarbeid med frivillige.
- Gjennomføring av «Temperaturmålar» har bidrege til at arbeidsmiljø og samarbeid har vore i fokus på fleire av einingane, og følgd opp med ulike samlingar og utviklingsaktivitetar.
- Svelge omsorgssenter har starta «Tørn-prosjekt» (KS) som fokuserer på organisering av oppgåvene i kommunen sine omsorgstenester. Det handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom riktig kompetanse til riktig tid – og med heiltidskultur i botn.
- Legevaktsatelitten er ein «boost» for det faglege nivået på sjukepleiarane ved omsorgssenteret og i heimesjukepleia i Svelgen.
- Vi har stort fokus på tverrfagleg samarbeid og utvikling av tenestene saman med dei andre sektorane.

Effektiv tenesteproduksjon:

- Vi handsamar søknader individuelt innan gjeldande fristar.
- Vi vurderer tenestene i stor grad som koordinerte og samordna.

Særskilte utfordringar i 2022:

- Rekruttere fagpersonell i pleie og omsorg
- Rekruttering av lege
- Oppfølging av sjukmelde og arbeid med å legge til rette for å hindre fråvær.
- Vaksinerings har kravd mykje ressursar i helsestasjonane, nok som har ført til eit visst etterslep av oppgåver.
- Mange korttidspasientar i laupet av året (99) som krev store ressursar.
- Fagleg oppdatering og deltaking på trening og øvingar for sjukepleiarar ved legevaktpiloten er ressurskrevjande
- For få brukarar av dagaktivitetstilbodet. Utfordrande m.o.t. drosjetransport.
- Oppretthalde fagleg forsvarlege tenester og samstundes halde økonomiske rammer (kostbart med innleige av vikarar)
- Lukkast ikkje med å få i gang «Mat på hjul» i Davik-området. Dette blir følgd opp i 2023.

UTFORDRINGAR/PRIORITERINGAR FRAMOVER:

Utfordringar/prioriteringar	Tiltak
Demografisk utvikling og behov for tenester	Innføre velferdsteknologi Vurdere arbeidsdeling mellom dei ulike faggruppene Bidra til at kommunen er attraktiv for å rekruttere og behalde arbeidskraft. Samarbeid med frivillige
Økonomi	Arbeide kontinuerleg for å effektivisere sektoren.
Fleire yngre med behov for tiltak knytt til bustad.	Planlegge sentralisert butilbod med personalbase som kan yte tenester til fleire. Fokus: Menneske med lidingar innan rus/psykiatri.
Sjukefråvær	Følgje tett opp med ulike verktøy i samsvar med gjeldande rutinar Nytte bedriftshelsetenesta og arbeidslivssenteret aktivt. Deltaking i eventuelle og aktuelle oppfølgingsprosjekt i samarbeid med NAV.
Sikre brukarmedverknad	Representasjon i utviklingsprosjekt og system for tilbakemelding.
Hindre utanforskap.	Utviklingsprosjekt – vidareføre sjumilssteget, kompetanseutvikling (PMTO, psykisk helse for barn 0-4 år, felles opplæring i oppvekst, kultur, helse og omsorg). Satse på tverrfagleg og tverrsektoriell samhandling. Viktig å ha særskilt fokus på busetjing og integrering av flyktningar.
Fokus på rekruttering og kompetanseheving	Nytte og gjere kjent vedtekne tiltak som t.d. løn og arbeidsmiljø. Oppmode tilsette til å vidareutvikle kompetanse. Legge til rette for lokal utdanning av mellom anna helsefagarbeidarar. Legge til rette for gode, lærande fagmiljø. Lærlingar. Desentraliserte opplæringstilbod.

Finansforvaltninga

Hovudmålsetjinga for kommunen si finansforvaltning er å sikre ei stabil finansiering av kommunen si verksemd. Det primære målet er å sikre at kommunen til ei kvar tid er likvid og lite eksponert for risiko. Jf. finansreglementet § 7.

Ved forvaltning av kommunen sin finansportefølje skal ein kvar form for kredittrisiko og likviditetsrisiko bundne til plasseringane avgrensast.

Kommunen skal ha ein varigheit for si netto finansportefølje på mellom 0 og 4 år. Innanfor grensa for maksimal og minimal varigheit skal finansporteføljen til ein kvar tid søkje å tilpasse den forventa renteutviklinga.

Rapportering om finansforvaltninga har som føremål å informere om porteføljen sitt resultat, og porteføljen si eksponering i forhold til dei fastsette rammene i finansreglementet.

FINANSINNTEKTER

Plassering av dei likvide midlane skal plasserast slik at likviditetsbehovet vert dekkja, samstundes som ein forsvarleg avkastning vert oppnådd.

Pr. 31.12.2022 var kommunen sine likvide midlar plassert slik (1000 kr.):

Driftslikviditet	Ramme	Faktisk 31.12
Sparebanken Sogn og Fjordane	Ikkje fastsett	56 917
SUM		56 917

Påløpte og innbetalte finansinntekter på plasseringane pr. 31.12.2020:

	01.01.2022	Periodisert rente 31.12.2022	Transaksjon	31.12.2022
<u>Driftslikviditet</u>				
<i>Sparebanken Sogn og Fjordane</i>	55 753	1 283	-1 255	55 780 952
SUM TOTAL	55 753	1 283	-1 255	55 780 952

FINANSIELL RISIKOPROFIL

Kommunen skal syte for at disponible midlar kan transporterast til kontantar i løpet av rimeleg tid (likviditetsrisiko) at faren for at lånetakar, eller motparten i ein derivatkontrakt, ikkje betalar tilbake heile eller delar av lånet, inkludert renter (kredittrisiko).

FORFALL PLASSERINGAR

Pr. 31.12.2022 har kommunen 56,9 millionar kroner plassert på driftskonti i Sparebanken Sogn og Fjordane. Vi har såleis tilgang på all driftslikviditet innanfor 12 månader.

KREDITTRISIKO

Som det går fram av punktet over har Bremanger kommune ved utgangen av 2022 plassert all driftslikviditet i Sparebanken Sogn og Fjordane.

AVKASTNING LIKVIDITET

Bremanger kommune si avkastning på likviditetsplasseringene pr. 31.12.2022:

	Avkastning portefølje
Likviditet til driftsføremål	2,2%

KREDITTRAMMER I HØVE FINANSREGLEMENTET

For å avgrense kredittrisikoen skal kommunen søkje å dele midlane på fleire utstederar og sektorar, jf. finansreglementet. Status pr. 31.12.2022:

Krav i gjeldande reglement	Status	Kommentar
Det kan berre takast opp lån i norske kroner. Lån kan takst opp som direkte lån i offentlige og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også høve til å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar og utan avdrag. Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.	OK	
Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedtatt investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadsforhold.	OK	
Låneopptak skal søkast gjennomført til mest gunstige vilkår i marknaden. Det skal normalt hentast inn minst 2 konkurrerende tilbod frå aktuelle långjevarar. Det kan gjerast unntak frå denne reglen for situasjonar der kommunen vel å leggje ut sertifikat- eller obligasjonslån gjennom å gi ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat. Prinsippet kan også fråvikast ved låneopptak i statsbank.	OK	
Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkt for renteregulering/forfall. Maksimalt 25 % av gjelda skal forfalle i løpet av 12 månader	X	39,55 % forfell ila 12 mnd
Gjennomsnittlig attverande rentebinding (durasjon – vektet rentebindingstid) på samla renteberande gjeld og eksisterande rentebytteavtalar skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 6 år.	OK	
Gjeldsporteføljen, inklusive rentebytteavtalar, skal ha en fastrentedel på minimum 20 % og maksimalt 70 % (lån med rentebinding 1 år fram i tid og over).	X	Fastrenteandel 19,54 %
For å oppnå ønska rentebinding, vert det gjeve høve til å inngå rentebytteavtalar. Det er ikkje høve til å inngå andre typar av avleia instrument (derivat). Bruk av rentebytteavtalar skal gjennomførast for å sikre rentebindinga på kommunen sin gjeld. Verknaden av nye rentebytteavtalar, skal vurderast saman med eksisterande rentebytteavtalar.	OK	
Gjeldsporteføljen skal bestå av færrest muleg lån, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.	OK	
Under elles like forhold vil det vere føremålstenleg at kommunen fordelar låneopptaka på fleire långjevarar.	OK	

RESULTAT AV NETTO FINANSFORVALTNING

	Bokført Verdi (1000) kr	Varigheit (år)	Pr. 31.12.22	Rente
Finansinntekter:				
Driftslikviditet	55 753	0,0	1 283	2,2%
Langsiktig likviditet				
Totalt		0,0		2,2%
Finanskostnader:				
Rentekostnader ordinær gjeld	399 840	3,53	6 845	3,3%
Verdiendring finansielle derivat *	77 557	*	-31 634	
Netto resultat	421 644		-26 072	

(*) Finansreglementet opnar ikkje for denne typen transaksjonar.

Det positive resultatet skuldast at derivatavtalane utvikla seg i kommunen sin favør med om lag 31,6 millionar kroner i 2022.

Investeringsrekneskapen

INVESTERINGSRAMMER OG FINANSIERING

Det reviderte investeringsbudsjettet for 2022 var på 89 millionar kroner med slik planlagd finansiering (1 000 kroner):

Lån	52 350
Overført frå drift	1 800
MVA-kompensasjon	15 434
Fond	5 116
Tilskot	13 800
Sal av varige driftsmiddel	500
Sum finansiering	89 000

Oversikt over investeringsprosjekt gjennomført i 2022 går fram av oversiktatabell på neste side.

Investeringane er finansiert slik (1 000 kroner):

Finansiering:	Budsjett	Rekneskap
Bruk av lån	-52 350	-52 381
Sal av varige driftsmidler	-500	-1 450
Tilskot frå andre	-13 800	-22 573
Kompensasjon for MVA	-15 434	-5 850
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar	0	0
Sum investeringsinntekter	-82 084	-83 461
Netto utgifter vidarelån	0	-220
Overføring frå drift	-1 800	-1 680
Netto avsetningar til, eller bruk av bundne investeringsfond	-5 116	-7 782
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-6 916	-9 461
Sum total	89 000	93 143

Som det går fram av tabellen ligg totalramma 4,1 millionar kroner utover budsjett. Dette er finansiert ved bruk av tilskot frå andre bundne investeringsfond og inntekter frå sal av varige driftsmiddel. Når det gjeld detaljoversikt over det einskilde prosjekt (prosjekthistoria), så vert vet vist til prosjektrekneskapen for kvar prosjekt, jf. prosjekthandboka.

Oversikt over investering i varige driftsmidler og rekneskap pr. 31.12.2022:

Investering	Rekneskap 2022	Rev. budsjett 2022	Avvik
Sentraladministrasjon			
IKT-Felles	841 501	580 000	-261 501
Microsoft Lisensar Nordfjordnett	898 641	1 000 000	101 359
Fiber Nordfjordnett	23 977	0	-23 977
Fiberutbygging	10 087 480	1 500 000	-8 587 480
Sum Sentraladministrasjon	11 851 599	3 080 000	-8 771 599
Oppvekst, kultur og fritid			
Forstudium investering basseng	0	50 000	50 000
Svelgen oppvekst uteområde - fase II	1 787 044	2 500 000	712 956
Svelgen oppvekst - rehab	0	0	0
Hauge skule, kulturskule	0	0	0
Arbeidsplassar Kultur/bibliotek	0	0	0
Oppfølging Kulturminneplan	0	300 000	300 000
Svelgen idretts hus - sportsgolv	2 039 440	2 300 000	260 560
Hunskor - kjøp av grunn	2 049 270	2 000 000	-49 270
Hunskor - parkering servicebygg	73 920	1 000 000	926 080
Grotle gamle gravplass	271 424	0	-271 424
Sum Oppvekst, kultur og fritid	6 221 098	8 150 000	1 928 902
Helse og omsorg			
Leasing Ford Transitt 1 - TFF	44 135	50 000	5 865
Leasing Ford Transitt 2 - TFF	47 319	50 000	2 681
Velferdsteknologi	188 250	700 000	511 750
Bremanger sjukeheim - skredsikring	90 890	1 500 000	1 409 110
Bremanger sjukeheim - forprosjekt	0	0	0
Bremanger sjukeheim - pasientvarsling	307 241	250 000	-57 241
Aktiv jobb Hauge	13 388 267	14 300 000	911 733
Svelgen Panorama (TFF)	24 998 001	23 900 000	-1 098 001
Sum Helse og omsorg	39 064 102	40 750 000	1 685 898
Samfunn og utvikling			
Leasing Renault kangoo - teknisk	43 777	50 000	6 223
Svelgen Panorama	12 473 789	12 500 000	26 211
Rehabilitering kommunale bygg	3 194 242	2 000 000	-1 194 242
Reguleringsplan Smørhamn	51 441	0	-51 441
Reguleringsplan Grotle	43 810	40 000	-3 810
Kommuneplan	514 555	800 000	285 445
Bustadfelt Bremanger kommune	376 118	1 000 000	623 882
Bustadfelt Kolset	70 356	0	-70 356
Vatn og Avløp plan	365 672	300 000	-65 672
Leidningsnett Svelgen	572 452	0	-572 452
Leidningsnett/distr (vatn)	125 425	0	-125 425
Davik vassverk	322 175	0	-322 175
Vassverk	755 920	290 000	-465 920
Leidningsnett Kalvåg	165 195	0	-165 195
Torvanger vassverk	1 495 790	450 000	-1 045 790
Bråtane vassverk	449 147	1 500 000	1 050 853
Iglandsvik vassverk	233 107	250 000	16 893
Holmebakkane Kalvåg	200 800	1 600 000	1 399 200
Sandvegen Svelgen	879 375	1 500 000	620 625
Vannhengar	303 500	0	-303 500
Kulvert Svelgen	1 281 877	1 100 000	-181 877
Avløp Svelgen	529 474	0	-529 474
Brann	0	250 000	250 000
Ny brannordning - brannbil	1 985 863	6 000 000	4 014 138
Leige brannstasjon Svelgen	12 480	0	-12 480
Infrastruktur gang og sykkelveg Svelgen	1 928 668	1 500 000	-428 668
Trafikktrygging i kommunane	1 213 554	850 000	-363 554
Opprusting kommunal veg/veglys	1 955 892	1 700 000	-255 892
Skredsikring sundsvegen	545 153	0	-545 153
Kalvøya Landareal	318 458	210 000	-108 458
Sum Samfunn og utvikling	32 408 064	33 890 000	1 481 936
Investeringar i varige driftsmidlar	89 544 863	85 870 000	-3 674 863

AVVIK I HØVE REVIDERT BUDSJETT

Positive avvik på prosjekt i høve revidert budsjett skuldast i hovudsak forseinka framdrift på prosjekta.

Kommentarar til negative avvik (1000 kroner):

Prosjekt	Avvik	Kommentar
IKT-felles	-262	Naudsynt utskifting av nettverksutstyr som ikkje var budsjettert
Fiberutbygging	-8 587	Blir finansiert med tilskot frå fylkeskommunen og utfakturering til abonnentane.
Grotle gamle gravplass	- 271	Må sjåast i samanheng med prosjektet "Oppfølging kulturminneplan"
Svelgen Panorama (TFF)	-1 098	Skuldast m.a. anleggsbidrag el-forsyning, tilleggsbestilling laust inventar og uteareal for personalet. Vi vil få MVA-kompensasjon på vel kr. 300 000,- pr. år i 10 år på omsorgsbustadane. Dette er ikkje budsjettert.
Rehabilitering kommunale bygg	-1 194	Gjeld akutte behov i høve lekkasjar, el.tryggleik, belysning m.m. Den store og til dels gamle bygningsmassen gjer at vi må pårekna meir ressursar både til oppgradering og vedlikehald av kommunale bygg.
Leidningsnett /div. vassverk (netto)		Må sjåast i samanheng med Bråtane vassverk og Holmebakkane Kalvåg
Vasshengar	-303	Innkjøp av vasshengar til beredskap vatn. Oppfølging internkontroll vassverk.
Kulvert Svelgen	-182	Auka kostnadar i samband med at gamal kulvert vart deformert og det oppstod "synkehol" som medførte auke i omfang.
Infrastruktur gang- og sykkelveg Svelgen	-429	Justering og fornying av kommunal infrastruktur i samband med bygging av ny gang- og sykkelsti, har m.a. lagt ned trekkerør for fiber (ekstra).
Trafikktrygging i kommunane	-364	Tiltaka vart meir omfattande enn budsjettert.
Opprusting kommunal veg/veglys	-256	Meir asfaltering enn planlagd p.g.a. lekkasjar/reparasjon VAR.
Skredsikring Sundsvegen	-545	Ras medførte behov for akutte tiltak.
Kalvøya Landareal	-108	Omlegging infrastruktur i høve sal av grunn og framtidig oppføring av bygg.

Næringsfond

Næringsfondet i Bremanger skal vere eit verkemiddel for å styrkje næringsliv og busetjing i kommunen. Inntektene til fondet er frå konsesjonsavgift på kraftproduksjonen i kommunen.

Midlane i næringsfondet kan nyttast m.a. til:

- Etablering av ny næringsverksemd
- Vidareutvikling av eksisterande næring/bedriftsutvikling
- Kommunalt tiltaksarbeid

Formannskapet er fondsstyre, men tilsegn på meir enn kr. 200.000,- skal likevel til kommunestyret til endeleg avgjerd. Løyvingar frå næringsfondet kan givast i form av tilskot eller ansvarleg lån. Midlane frå næringsfondet skal vere toppfinansiering og det skal dokumenterast at andre finansieringsinstitusjonar er prøvd ut først.

I 2012 sette fondsstyret «tak» på ansvarlege lån til maks. kr. 200.000,-, etableringstilskot kr. 25.000,- og bedriftsutviklingstilskot med kr. 50.000,-. Jf. FSK-038/12.

Lånet vert som hovudregel avgrensa til 10% av investeringsbeløpet. Bakgrunnen for dette er at eigenkapitalkravet ved investeringar i ei bedrift normalt vil vere minimum 20% . For å unngå at kommunen tek større risiko enn prosjekteigar vert denne avgrensinga praktisert.

Når det gjeld tilskot, så vert dette normalt gjeve i samband med oppstart av mindre verksemdar og utviklingsprosjekt i eksisterande bedrifter. Normalt sett er tilskotsbeløpa avgrensa til maksimalt 50% av eksterne kostnader i samband med gjeldande prosjekt. Dette er følgd opp gjennom vedtak av nye retningslinjer for bruken av næringsfondet.


Tiltak i samsvar med næringsplanen skal prioriterast.

Årleg påfyll til næringsfondet kjem frå konsesjonsavgift på vasskraftverk i kommunen og utgjer om lag 6 millionar kroner kvart år

Når det gjeld avdrag på ansvarlege lån gjevne frå næringsfondet, så vert dette nytta til finansiering/delfinansiering av investeringar som er i tråd med føremålet med fondet.

Inngåande balanse på næringsfondet var 3,1 millionar kroner. I 2022 vart det tildelt om lag 6,9 millionar kroner frå fondet. Utgåande balanse 31.12.2022 var om lag 2,3 millionar kroner.

Fordeling deling av tildelingar i 2022 på dei ulike innsatsområda går fram av tabellen under:



Kommentarar til tabellen:

Etableringstilskot/bedriftsutvikling gjeld etableringstilskot til nye bedrifter, ansvarlege lån i samband med investeringar i bedrifter og tilskot til bedriftsutvikling.

Næringsadministrasjon omfattar m.a. delvis dekking av lønsutgifter i samband med rekrutteringsprosjekt, turistinformasjon, etablerer-rettleiing, sakshandsaming, deltaking i prosjekt og sekretariatsfunksjon for Bremanger næringsråd.

Regionale samarbeid er prosjekt som kommunen deltek i saman med andre kommunar i regionen, t.d. tilskot til Kystvegen Måløy Florø AS, deltaking i Nordfjordretdet, Nordfjordakademiet og Sogn og Fjordane friluftsråd.

Bulyst og kultur omfattar ei rekke ulike tiltak innan kultur og omdømebygging, m.a. støtte til ulike lokale arrangement og tiltak, støtte til drifta av lag og organisasjonar for barn og unge.

I 2020 og 2021 fekk kommunen tilført midlar frå staten til vidareutdeling til lokale verksemdar i samband med Covid-19. Restutbetalingar frå desse tildelingane, om lag 1,9 millionar kroner, vart utbetalt i 2022. Dette kjem i tillegg til næringsfondet.

OPPSUMMERING

Næringsfondet er viktig for Bremanger. Utan næringsfondet ville vi ikkje kunne gjennomført alle dei viktige planprosessane som no pågår, eller utbygging av fibernett i heile kommunen. Dette er tiltak som er sentrale for å leggje til rette for vidare utvikling av Bremangersamfunnet. Utan fondet ville vi heller ikkje ha økonomi til å vere ein sentral medspelar i viktige etablerings- og utviklingsaktivitetar i næringslivet, viktige regionale samarbeidsprosjekt eller i dei mange kulturarrangementa som skjer i kommunen og som bidreg til bulyst og set Bremanger positivt «på kartet».

I samband med at Bremanger Næringsråd søkte om støtte til tilsetjing av dagleg leiar gjorde kommunestyret vedtak om i staden å setje i verk eit SMB-utviklings-prosjekt. Her får deltakarbedriftene tilgang på ekstern kompetanse til å analysere og prioritere tiltak for skape vekst og utvikling i

verksemda. Tanken er og at ein gjennom prosjektet skal bidra til etablering av møteplassar for dei lokal bedriftene.

Formannskapet er styringsgruppe i prosjektet som skal gjennomførast i løpet av 2023. Prosjektet vil bli finansiert over næringsfondet. I tillegg til å skape vekst og utvikling i deltakarbedriftene skal prosjektet gje kunnskapsgrunnlag for å utarbeide Temaplan næring. Planen skal fokusere på kommunen sine prioriteringar i høve tilrettelegging for næringsutvikling, m.a. korleis vi bør organisere dette arbeidet. Temaplanen vil såleis danne grunnlag for kommunen sin bruk av næringsfondet i åra som kjem.

Vegen vidare

Den generelle situasjonen i Bremanger kommune må seiest å vere god. Vi må likevel vere merksame på at vi står overfor store endringar i arbeids- og samfunnslivet.

Utviklingstrekk som påverkar det kommunale samfunnsoppdraget er m.a. klimaendringar, globalisering, ei aldrende befolkning, rekrutteringsutfordringar og ikkje minst, auka forventningar frå innbyggjarane. Samstundes aukar krava til samfunnstryggleik og beredskap, ikkje minst i høve cyber-kriminalitet. Krigen i Ukraina er ei sterk påminning om det siste. Alt tyder på at krigen i Ukraina vil halde fram, noko som betyr at vi må vere budd på å ta imot fleire flyktningar. Vi må gjere alt vi kan for å integrere desse best mogleg i lokalsamfunnet. Dette skjer gjennom tverrfagleg samarbeid og samhandling med ressursar utanfor kommuneorganisasjonen; frivillige og næringsliv.

Elles vil den sterke inflasjonen måtte påverke kommunen sine prioriteringar og ressursbruk. Dette betyr at vi til tross for gode økonomiske rammevilkår framleis må ha eit sterkt fokus på bruk av fellesskapet sine ressursar og effektiv drift. Vi må ha eit kontinuerleg fokus på korleis vi organiserer tenestene og løysar oppgåvene på. Ny teknologi gir oss nye moglegheiter innanfor alle tenesteområda. Dette vil kunne gjere oss i stand til å organisere og levere tenester med færre ressursar, og å utøve dei ulike rollene effektivt og berekraftig. For å lukkast må leiarar og tilsette tileigne seg relevant kompetanse gjennom kontinuerleg læring. Målet er å få meir velferd ut av de ressursane kommunen disponerer, og å finne gode måtar å mobilisere ressursar på utanfor organisasjonen. Dette vil og krevje evne og vilje til å prioritere det som er aller viktigast i høve utfordringane våre. Ja til noko betyr nei til noko anna. Skal vi lukkast må det vere politisk vilje og mot til å gjennomføre organisatoriske endringar som tener Bremanger-samfunnet som heilskap, der likeverdige tenester til innbyggjarane står i fokus.

Den største utfordringa for Bremanger kommune er folketalsutvikling og demografi. Skal vi snu denne trenden må lokalsamfunna våre vere attraktive for busetnad og næringsetablering. Vi har det siste året arbeidd med ei større industrietablering på Holmaneset ved Svelgen. Dersom dette blir ein realitet, vil dette gje oss store moglegheiter, men det vil og krevje stor lokal mobilisering, ikkje minst i høve tilrettelegging for busetnad. Også i denne samanhengen må vi ha ei heilskapleg tilnærming og sjå på moglegheitene for heile Bremanger-samfunnet.

Generelt sett går det bra i næringslivet i Bremanger. Hovudutfordringa framover blir å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft. Vi håpar at SMB-utviklingsprogrammet som vert gjennomført i 2023 skal bidra til tettare samarbeid mellom lokale bedrifter og skape grunnlag for utvikling og vekst.

Utviklingsprogrammet skal og danne grunnlag for utarbeiding av Temaplan Næring i laupet av 2023. I høve rekrutteringsutfordringa må kommunen og næringslivet samarbeide tett og kommunen sitt bidrag vil m.a. vere å leggje til rette for desentraliserte utdanningstilbod. Vidare må vi stå saman om å leggje til rette for nye bustader/bustadbygging og ny næringsetablering.

Elles held arbeidet med kommuneplanen sin arealdel fram og ambisjonen er at denne skal på tredje gongs høyring våren 2023. Kommuneplanen sin arealdel skal syne hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som skal setjast i verk, samt kva viktige omsyn som må takast ved disponeringa av areala. Arealplanen vert såleis eit sentralt underlag og styringsverktøy for vidareutviklinga av Bremanger-samfunnet.

Vedlegg:

NASJONALE PRØVER 5. TRINN

Engelsk ?			
5. årstrinn ?			
Alle eierformer ?			
Begge kjønn ?			
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?
- Hele landet	50	0,1	55 704
- Vestland	50	0,2	6 838
+ Bremanger	51	3,6	34

Lesing ?		
5. årstrinn ?		
Alle eierformer ?		
Begge kjønn ?		
Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?
50	0,1	56 230
50	0,2	6 948
52	3,1	33

Regning ?		
5. årstrinn ?		
Alle eierformer ?		
Begge kjønn ?		
Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?
50	0,1	55 245
51	0,2	6 816
53	3,2	33

NASJONALE PRØVER 8. TRINN

LESING 8. TRINN

Lesing ?		
8. årstrinn ?		
Alle eierformer ?		
Begge kjønn ?		
Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?
50	0,1	57 393
49	0,2	6 421
49	3,4	26

REKNING 8. TRINN

Regning ?		
8. årstrinn ?		
Alle eierformer ?		
Begge kjønn ?		
Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?
50	0,1	57 318
50	0,2	6 531
50	2,8	26

ENGELSK 8. TRINN

Engelsk ?			
8. årstrinn ?			
Alle eierformer ?			
Begge kjønn ?			
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?
- Hele landet	50	0,1	56 437
- Vestland	49	0,2	6 267
+ Bremanger	49	4,1	28

NASJONALE PRØVER 9. TRINN

LESING OG REKNING 9. TRINN

	2022-23 ?					
	Lesing ?			Regning ?		
	9. årstrinn ?			9. årstrinn ?		
	Alle eierformer ?			Alle eierformer ?		
	Begge kjønn ?			Begge kjønn ?		
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Antall elever deltatt ?
- Hele landet	54	0,1	55 893	54	0,1	55 118
- Vestland	53	0,2	6 261	54	0,2	6 064
+ Bremanger	55	2,6	39	57	2,9	39

Postadresse:
Bremanger kommune
Rådhuset
Postboks 104
6721 Svelgen